



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

# Sluttrapport – Planting for klima i Rogaland Pilotfase 2015 - 2018

---

Slutrapporten vil danne grunnlag for vidare rapportering til Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet.

---

14.09.2018 – Prosjektnummer 16029

## Samandrag

Fylkesmannen i Rogaland har frå 2015 til 2018 deltatt i eit treårig pilotprosjekt kalla «Planting av skog på nye arealer som klimatiltak».

Pilotfasen har gitt rom for godt samarbeid mellom miljø- og skogforvaltning både på regionalt, kommunalt og organisatorisk nivå. Fylkesmannen i Rogaland opplever at dette er viktig for å skape gode løysingar der både omsyn til klima, miljøverdiar og næring skal bli ivaretatt. I pilotfasen har Eigersund, Bjerkeim, Hjelmeland, Tysvær og Vindafjord deltatt som pilotkommunar.

Det blei identifisert om lag 380 000 dekar med potensielt planteareal i Rogaland ut i frå den regionale kartanalysen. I pilotfasen har det i Rogaland blitt planta 3 285 dekar skog, fordelt over 49 eideomar og sju kommunar. Dette utgjer eit årleg opptak av CO<sub>2</sub> tilsvarande utsleppet til ca. 3 600 bilar.

Planteaktiviteten blei i hovudsak generert av pådrivarar som var leigd inn i pilotfasen og skogbruksjefane i pilotkommunane. Desse viser kor viktig slik oppsökande verksemder er for å skape aktivitet. Pådrivaraktiviteten avslører at mange, både grunneigarar og folk flest har liten kunnskap om skog og potensialet den har i klimasamanheng. Ved informasjon om dette, blei fleire positivt innstilt til skog og bruken av den. Andre faktorar som har bidratt til gjennomføringa har vore samarbeid mellom fylke, kommunar og næringsaktørar. Det at dei utvalte pilotkommunane var rusta for pilotfasen og ikkje minst at eit tidligare tilsvarande prosjekt har bana vegen for pilotfasen har og vore positivt for gjennomføringa.

Pilotfasen har avdekkja utfordringar som bør sjåast på ved ein eventuell oppskalering. Desse utfordringane har vore krevjande saksgang, større behov for miljøfagleg kompetanse på kommunalt nivå, utfordringar i det ordinære skogbruket, manglande fokus på skog i planverk og eit stort behov for auka kapasitet og kompetanse innan skogbruk på kommunalt nivå. I tillegg er som nemnt interesse og haldningar blant grunneigarar og folk flest knytt til treslagsval og skogbruk også ei utfordring.

Fylkesmannen i Rogaland vil etter deltaking i dette treårige pilotprosjektet anbefale følgjande for ein eventuell oppskalering:


- Val av treslag må i hovudsak baserast på best klimaeffekt
- Ordninga må forenkleast og samsvare betre med andre planteordningar
- Kapasitet og kompetanse hos kommunane må sikrast
- Kostnadsbevisstheit bør provoserast fram
- Vurdering av miljøfunn bør adresserast
- Planting av skog i kommunale planverk bør synleggjerast
- Kartfesting og fokus på brakklagt jordbruksareal bør aukast
- Kommunal rettleiar bør utarbeidast

## Innhald

<b>1.</b>	<b>Innleiing.....</b>	<b>4</b>
<b>2.</b>	<b>Innretning av pilotfasen .....</b>	<b>5</b>
2.1	Oppstart, organisering, aktivitet og gjennomføring .....	5
2.1.1	Organisering i fylket .....	5
2.1.2	Organisering i kommunane.....	5
2.1.3	Informasjon og gjennomført aktivitet.....	5
<b>3.</b>	<b>Presentasjon og diskusjon av resultat og erfaring.....</b>	<b>6</b>
3.1	Bruk av rettleiar og tolking av kriteie.....	6
3.1.1	Prosess for å identifisere areal.....	6
3.1.2	Generelle miljøkriteie frå rapport M26/2013.....	8
3.1.3	Tilleggskriteie frå Prop. 1S (2014-2015).....	9
3.2	Planteaktivitet og betraktnigar rundt mogelegheit for å nå prognose for planting ..	11
3.2.1	Forventa og realisert areal, samla og per kommune .....	11
3.2.2	Forventa planting hausten 2018 .....	12
3.3	Ivaretaking av målsettingar og ulike omsyn, av dette potensielle målkonfliktar.....	13
3.4	Kontakt med grunneigarar .....	13
3.4.1	Kommunane og skogpådrivarane sin informasjon og aktivitet ifm. grunneigararkontakt .....	14
3.4.2	Interesse for deltaking, og informasjon om sokargruppe .....	14
3.5	Saksgang og saksbehandling .....	17
3.5.1	Vurdering av innmeldt areal .....	19
3.5.2	Kommunen og skogpådrivar sin informasjon om saksgang og saksbehandling .....	21
3.6	Økonomi.....	23
3.6.1	Rekneskap per 30.06.2018.....	23
3.6.2	Kostnadar knytt til administrasjon.....	24
3.6.3	Kostnadar knytt til planteaktivitet .....	25
<b>4.</b>	<b>Oppsummering – potensiell aktivitet og tiltak for å lykkast .....</b>	<b>31</b>
4.1	Erfaring med dagens innretning.....	31
4.1.1	Barrierar/utfordingar .....	31
4.1.2	Kritiske faktorar/suksesskriteie .....	32
4.2	Vurdering av potensialet for planteaktivitet i ein framtidig ordning .....	33
4.2.1	Potensielt areal og effekt av innretning på kriteria .....	33
4.2.2	Korleis kan ein best ivareta omsynet til klima, miljø og næring?.....	34
4.3	Tilråding og moglege tiltak for å lykkast med ein framtidig ordning.....	35
<b>5.</b>	<b>Vedlegg .....</b>	<b>37</b>

## 1. Innleiing

Rogaland blei i 2015 ein del av pilotprosjektet «Planting av skog på nye arealer som klimatiltak», og vart med dette representant for Vestlandsfylka. Hovudmålet med prosjektet er å plante skog på nye areal for å auke karbonopptaket i skog, og dermed bidra til redusert global oppvarming.



Figur 1: Pilotfasen sine tre omsyn.

Rogaland blir omtalt som eit skogreisningsfylke, der det meste av den kommersielle skogen blei planta på 50-, 60-, og 70-tallet. Dette betyr at fylket er eit ungt fylke i skogbruksamanheng, samanlikna med til dømes Austlandet. Fylka på Vestlandet viser ifølgje rapport M26-2013<sup>2</sup>, at det er stort potensiale for planting på nye areal utan å påverke miljøverdiar. Gjennom pilotprosjektet har Rogaland fått erfaringar med både saksbehandling, korleis ein kan nå ut til grunneigarar, samarbeid med aktørar og korleis rammevilkår for ordinært skogbruk påverkar suksessen til nye tiltak.

### Rogaland hadde følgjande mål i sin prosjektplan:

- Utarbeide kartanalyse av potensielle areal på fylkes- og kommunenivå - **Målet er nådd**
- Rask igangsetting av planting når areal er godkjent - **Målet er nådd**
- Ut i frå budsjetttrammer, vil det i Rogaland vere eit mål å plante til opp mot 3000 dekar – **Målet er nådd**
- Utarbeide tilnærningsmetode for igangsetting av planting av skog på nye areal ut frå erfaringar som blir gjort undervegs
  - **Sentral prosjektleiing har utarbeidd tilnærningsmetode, som fylket har gitt innspel til**
- Utarbeide kommunevise temaplanar for dei prioriterte kommunane
  - **Målet er nådd**
- Etablere god kontakt med alle relevante parta, i tillegg til å samarbeide nært med dei to pilotfylka - **Målet er nådd**
- Synleggjere kva slags areal som fell bort ved vurdering, og årsak - **Målet er nådd**

<sup>1</sup> Andreassen, K. m.fl. 2013. Statistikk over skogforhold og skogressurser i Rogaland. Landsskogtakseringen 2005-2009. Norsk institutt for skog og landskap. 66 s. ISBN: 978-82-311-0188-8.

<sup>2</sup> Haugland, H. m.fl.. 2013. Planting av skog på nye arealer som klimatiltak. Egnede arealer og miljøkriterier. Miljødirektoratet, Statens landbruksforvaltning og Norsk institutt for skog og landskap, rapport M26-2013. 149 s.

## 2. Innretning av pilotfasen

Under oppstartainga av pilotfasen, blei det utarbeidd ein prosjektplan for Rogaland. Denne vart utarbeidd av prosjektleiar i samarbeid med miljøvernnavdelinga og landbruksavdelinga hos Fylkesmannen i Rogaland. Saman med rapport M26-2013 og rettleiar M-407|2015<sup>3</sup> har dette vore grunnlaget for innretninga av pilotfasen.

### 2.1 Oppstart, organisering, aktivitet og gjennomføring

#### 2.1.1 Organisering i fylket

Pilotprosjektet er organisert med ein prosjektleiar, ein prosjektmedarbeidar (1 år), styringsgruppe og arbeidsgruppe hjå Fylkesmannen i Rogaland. Prosjektmedarbeidaren var tilsett i eitt år for å tilføre prosjektet meir kompetanse knytt til vurdering av miljøverdiar. Styringsgruppa har kvar veke hatt møter for å halde kvarandre oppdatert, og arbeidsgruppa har samla seg ved behov. Styringsgruppe og arbeidsgruppe har bestått av tilsette i både landbruksavdeling og miljøvernnavdeling. I tillegg har det vore innkalla til møter med interesseorganisasjonar ved nokre anledningar. Denne har fungert som ei referansegruppe.

#### 2.1.2 Organisering i kommunane

I Rogaland har Eigersund, Bjerkreim, Tysvær, Vindafjord og Hjelmeland deltatt som pilotkommunar. Desse blei valt ut i frå potensielt areal gjennom kartanalysen, kapasitet og kompetanse om skogbruk samt interesse frå kommunane.

Kvar pilotkommune har ei arbeidsgruppe der skogbruksjef er kontaktperson. Desse arbeidsgruppene har utarbeidd pilotkommunane sine temaplanar. I tillegg til arbeidsgruppa, har nokre kommunar valt å involvere skogambassadørar/pådrivarar. Desse har bidrige til

oppsokeande verksemrd mot grunneigarar og innsamling av areal. Pådrivarane blei følgje opp av kontaktperson i kommunane, samt felles møter med regional prosjektleiing. I bilde 1 ser vi deltarane frå pilotkommunane.



Bilde 1: F.v. Sigmund Havn (skogambassadør i Tysvær og Vindafjord), Hans Petter Tønnessen (skogbruksjef i Eigersund og Bjerkreim), Gitte Halvorsen (skogbruksjef i Vindafjord), Jan Erik Larsen (skogbruksjef i Tysvær) og Kristofer Tveiterå (skogbruksjef i Hjelmeland).

#### 2.1.3 Informasjon og gjennomført aktivitet

Sjå vedlegg 2.1.3 for meir utfyllande informasjon.

<sup>3</sup> Haugland, H. m.fl. 2015. Pilotfase for planting av skog på nye arealer som klimatiltak – Veileder for Rogaland, Nord-Trøndelag og Nordland. Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet, rapport M407-2015. 65 s.

### 3. Presentasjon og diskusjon av resultat og erfaring

#### 3.1 Bruk av rettleiar og tolking av kriterie

##### 3.1.1 Prosess for å identifisere areal

Det blei gjennomført ein kartanalyse i Rogaland for å identifisere aktuelt planteareal. Vi tok utgangspunkt i kartdataoversikta som vart gitt av direktorata. Ut i frå dette gjorde vi regionale justeringar (tabell 1-3). Dette resulterte i kommunevis oversikt over potensielt areal for planting (tabell 4). Potensialet for Rogaland er anslått til å være 380 000 dekar og gir eit potensielt årleg opptak av CO<sub>2</sub> som er lik utsleppet til om lag 420 000 bilar<sup>4</sup>.

Tabell 1: Utgangspunktet for analysen.

Utgangspunkt for kartanalysen			
Arealtypar	Bonitet	Treslag	Grunnforhold
Skog (ARTYPE 30)	Middels (ARSKOGBON 13)	Lauvskog (ARTRESLAG 32)	Jorddekt (ARGRUNNF 44)
Open fastmark (ARTYPE 50)	Høg (ARSKOGBON 14)	Blandingsskog (ARTRESLAG 33)	Organisk jordlag (ARGRUNNF 45)
	Særs høg (ARSKOGBON 15)	Ikkje treaett (ARTRESLAG 39)	
		Ikkje relevant (ARTRESLAG 98)	

Tabell 2: Kartdata som blei fjerna frå analysen.

Areal fjerna frå potensielt areal			
Verneområde	Friluftsliv og kulturlandskap	Kulturminner m/5 meter buffer	
Naturminne, naturreservat	Statleg sikra friluftsliv	Lokalitetar, kulturmiljø	
Dyrelivsfredning	Verdifulle kulturlandskap	Enkeltminne	
Landskapsvernombområde			<b>SAT-SKOG</b>
Dyrefredningsområde	<b>Vatn m/15 meter buffer</b>	Eldre skog	
Biotopvern etter viltlova	Elver, brekker og liknande	<b>Miljøregistrering i skog (MiS)</b>	
Plantefredningsområde	Innsjøar, tjern og liknande	<b>Polygonar under 5 dekar</b>	
Kombinasjonar av verneformer	<b>Bratt terreng</b>	<b>Kraftleidningar</b>	
Føreslårte verneområder	Område med stigning på ≥40%	<b>Utvalde naturtypar m/30 meter buffer</b>	

Tabell 3: Kartdata som blei lagt til i analysen.


Areal lagt til kartanalysen	
Endringsanalyse	Jordbruksareal ute av drift
Arealendring til myr Arealendring frå skog	Henta ut alle areal som det blei søkt areal- og produksjonstilskot på frå 1998 og 2014. Dei som ikkje lenger søker tilskot, blei sett nærmare på.

<sup>4</sup> Miljødirektoratet, Landbruksdirektoratet og SKOGKURS. 2015. Planting for klima – veileder for grunneier. Faktaark M-434|2015. 8 s.

Tabell 4: Potensielt klimaskogareal per kommune, der dei fem kommunane med mest potensielt areal er markert i grått.

Kommunar	Totalt areal (daa)	Potensielt areal (daa)	Prosentandel pot. areal (%)
RANDABERG	24 710	319	1,3
KLEPP	113 500	853	0,8
BOKN	47 170	1 058	2,2
SOLA	69 140	1 734	2,5
HAUGESUND	72 720	1 760	2,4
STAVANGER	71 440	1 952	2,7
RENNESØY	65 300	2 912	4,5
FINNØY	104 370	7 273	7,0
TIME	183 430	7 834	4,3
HÅ	258 220	8 699	3,4
KARMØY	299 680	10 546	3,5
SAUDA	546 360	11 478	2,1
SOKNDAL	294 790	11 969	4,1
FORSAND	780 200	14 554	1,9
STRAND	218 170	19 405	8,9
LUND	408 510	19 668	4,8
GJESDAL	617 530	24 361	3,9
HJELMELAND	1 089 510	25 451	2,3
SANDNES	304 460	26 037	8,6
SULDAL	1 736 220	26 475	1,5
EIGERSUND	431 660	29 986	6,9
BJERKREIM	650 580	35 018	5,4
TYSVÆR	425 340	39 101	9,2
VINDAFJORD	620 440	53 172	8,6
<b>SUM</b>	<b>9 433 450</b>	<b>381 651</b>	

Kartanalysen med potensielt areal (tabell 4) og oversikt over føreslårte og godkjende felt blei lagt inn i ei ny kartportal [www.temakart-rogaland.no/klimaskog](http://www.temakart-rogaland.no/klimaskog) (bilde 2) med tilhøyrande kartlag knytt til friluftsliv, artsobservasjonar og anna relevant informasjon, og med innloggingsfunksjon for kommunane. Her kunne kommunane leggje inn føreslårte felt med informasjon om felta i kartløysinga. Dei kunne også nytte seg av eksisterande polygonar for å markere dei som til dømes var «aktuelle» og «ikkje aktuelle». Diverre har denne funksjonen vore lite nytta av kommunane.



Bilde 2: Skjermdump av kartløysing med kartlaget «Kartanalyse».

Det er i rettleiaren også råda til at avstand til veg og bratt terreng blir vurdert. Bratt areal blei ekskludert i den regionale kartportalen (tabell 2), i tillegg til at informasjon om brakklagt jordbruksareal blei inkludert (tabell 3). Arealendringar i AR5 kan også bidra til å identifisere areal, og bør inkluderast ved ein eventuell oppskalering. Kartanalysen med justeringane som nemnt kunne ha vore utarbeidd av sentral prosjektleiing, og gjort tilgjengeleg på til dømes Skogportalen<sup>5</sup>.

For å identifisere areal som kan vere aktuelle plantefelt, nytta kommunane kartportalen og eigen lokalkunnskap. I tillegg til dette var det nødvendig med synfaring av felt for å kunne avgjere om felta var innanfor kriteria. Prosjektleiinga deltok på skogdagar for å rettleie kommunane og pådrivarane i starten av pilotfasen.

Kommunane skulle ifølgje rettleiaren utarbeide ein temaplan for tiltaket ut i frå ein definert mal der aktuelle planteareal skulle synleggjera. Erfaringa med dette er at temaplanen blei for omfattande og tidkrevjande, og dermed nedprioritert av kommunane. Temaplanane blei forenkla i form for å få dei ferdige. Det var derfor ikkje mogeleg å identifisere areal som hadde behov for tilleggskartlegging på det detaljnivået som var forventa.

### **3.1.2 Generelle miljøkriterie frå rapport M26/2013**

Pilotfasen tok utgangspunkt i dei generelle miljøkriteria som blei føreslått i rapport M26/2013. Dei generelle miljøkriteria er i stor grad allereie implementerte gjennom eksisterande tilskotsordningar i ordinært skogbruk.

#### **1. Vurdere om det i det omsøkte arealet er delområde der eksisterande lov- og regelverk tilseier at det normalt ikkje er lov med planting**

Areal der det ikkje er lov å plante, til dømes myr, naturvernområder og liknande, har blitt tatt ut av kartanalysen. Dette kriteriet er implementert i ordinært skogbruk, og er godt innarbeidd i kommunane sin saksgang.

#### **2. Vurdere om det finnast naturtypar og kulturlandskap med høg verdi i omsøkt areal**

Rogaland har heller ikkje ein fullstendig NiN-kartlegging, og baserer seg difor på kartleggingar som har vore gjort gjennom DN Håndbok 13. For Rogaland har vi ein relativt god oversikt over utvalde naturtypar, og eit eige status-kartlag er med i kartportalen.

Vi har fått tilbakemeldingar frå kommunane om at det er problematisk at areal med miljøverdiar som krevjar skjøtsel, ikkje kan nyttast til andre føremål dersom grunneigar ikkje ønskjer å skjøtte arealet. I tillegg har tilbakemeldingar vore at nokre avgrensingar er svært grove (nøyaktigheitsklasse >100 meter). Det er også uttrykt eit ønske om å ha ei oversikt over areal som er kartlagt, kor det ikkje er funnet nokre verdiar. Dette blir ivaretatt gjennom NiN-kartlegging.

#### **3. Vurdere risiko for påverking av miljøverdiar nemnt i punkt 1 og 2 utanfor tiltaksområdet**

I pilotfasen er arealet som skal vurderast utanfor tiltaksområdet sett til 100 meter. Det har blitt føreslått frå Fylkesmannen si miljøvernavdeling at området utanfor tiltaksområdet bør vurderast etter skjønn, og ikkje vere sett til 100 meter. Kommunane har brukta vurderingsskjema og notert

---

<sup>5</sup><https://kilden.nibio.no> (13.07.2018)

dersom buffersona utanfor tiltaksområdet har vore overlappa med miljøverdiar. Vurdering av risiko har blitt kommentert i vurderingsskjema som ein del av saksgangen.

#### **4. Vurdere arealet sin landskapsmessige verdi, og betydning for eit aktivt friluftsliv og landskapsoppleveling**

Arealet sin landskapsmessige verdi er ei subjektiv vurdering, som er vanskeleg å kvalitetssikre. Det er gjort kartleggingar av viktige områder knytt til kulturlandskap i Rogaland, noko som kan vere til hjelp i denne vurderinga<sup>6</sup>. Elles er ein avhengig av lokalkunnskap, då det ikkje finst retningsliner for å vurdere om eit område er viktigare enn andre.

Kriteriet blei tolka til å heller ha større samanhengande felt, enn små, oppstykka. I tillegg har forma på felta også blitt vurdert, for å unngå kvadratiske strukturar i landskapet.

#### **5. Vurdere mogeleg tilpassing eller avbøtande tiltak der det er nødvendig for å unngå vesentleg konflikt med miljøverdiar**

I dei tilfella felt har vore i nærleik til område med miljøverdiar (til dømes utvalde naturtypar), har kommunane valt å behalde meir lauv mellom felta og oppretthalde stor avstand mellom plantefelt og felt med miljøverdiar. Det er også gjort tilpassing for å unngå forstyrringar av sensitive artar ved å sette datoavgrensingar for aktivitet på feltet.

#### **6. Vurdera tydinga av mål og prinsippa i naturmangfaldslova kapittel II**

Rogaland har som nemnt heller ingen fullstendig NiN-kartlegging, og vi har difor basert oss på tidlegare naturtypekartlegging.

Det finst inga oversikt over areal som har vore kartlagt, der det ikkje er gjort funn. Ved ei eventuell oppskalering, vil det være nyttig å ha ein sentralt utarbeidd rettleiar som raskt kan avklare om felt har potensiale for å være viktige for naturmangfaldet, ut frå §8 og §9.

##### **3.1.3 Tilleggskriterie frå Prop. 1S (2014-2015)**

Under behandling av statsbudsjettet for 2015 der pilotprosjektet blei vedtatt, vart fire tilleggskriteriar lagt til for pilotfasen:

###### *I. Planting av norske treslag*

Val av treslag har vore oppe til diskusjon i Rogaland. Dette har blitt tatt opp med sentral prosjektleiing ved fleire anledningar, og det er blitt avklart at det er gran som hovudsakleg skal nyttast. Det er likevel opna for at andre treslag også kan nyttast dersom gran ikkje er eigna. Det er berre nyitta gran i pilotfasen i Rogaland, og andre treslag er ikkje testa.

Vi opplever mindre «støy» rundt val av treslag, ettersom vi har vore tydelege på at gran skal prioriterast. Det er framleis kommentarar på at gran ikkje er eit ønskja treslag i Rogaland (sjá kommentarar under), men dei fleste grunneigarane har ikkje noko problem med dette. Under er eit utdrag av kommentarar som har kome i pilotfasen. Dette er få utsegn, og kan nødvendigvis ikkje vise heile biletet, men viser noko av utfordringane knytt til treslagsval.

---

<sup>6</sup> Hettervik, G. K. 1996. Vakre landskap i Rogaland. Rogaland fylkeskommune. 197 s. ISBN: 82-991014-3-3.

- (..) er ikkje særleg glad for at lauvskogareal blir erstatta av nåletreskog – *Innbyggjar i Vindafjord*
- Opphaveleg invitasjon til arrangement hos Naturvernforbundet der prosjektet skulle holde føredrag: *Gammelskog og pøbelgran*. Blei seinare endra til *Har vi glemt den gamle, fine skogen vår?*
- *I Rogaland, kan det (tiltaket) gjøres bedre ved bruk av andre treslag dersom helhetsvurderinger av bivirkninger, konsekvenser og sluttresultat legges til grunn.* – *Innbyggjar i Eigersund*

## ***II. Planting på opne areal og areal i tidleg attgroingsfase***

Attgroingsareal finn ein i mange variantar (bilde 3). Opne areal og areal i tidleg attgroingsfase kan vere vanskeleg å finne i Rogaland. Opne areal er ofte opne av ein grunn (fukt, klima) og attgroingsareala har ofte kome langt i attgroingsfasen grunna gode vekstforhold. Dette førar til at det som oftast må gjerast tiltak på arealet (rydding, avskjeringsgrøfter og liknande.) Vi ser mykje areal som er lagt brakk for 20-30 år sidan, då mange slutta med mjølkeproduksjon. Desse har gode vekstforhold, men er gjerne meir attgrodde.

Kommunane melder at det er vanskeleg å vurdere attgroingsgrad berre ut frå flyfoto. Å skilja mellom hogstklasse III og IV er vanskeleg også i felt, då det er stor variasjon mellom felta.



Bilde 3: Tidleg attgroingsfase (II) og høg produksjonsevne (III) kan vere vanskeleg å kombinere.

## ***III. Planting på areal med høg produksjonsevne og der det er forventa låg negativ endring i albedoefekt***

Å anslå potensiell bonitet er krevjande, spesielt for grunneigarar. Også kommunane melder at dette er eit vanskeleg punkt, men på grunn av generell høg bonitet i Rogaland er dei fleste felt innafor kriteria. Indikatorartar for høg bonitet har vore til hjelpe for å vurdere dette.

Endring i albedoefekt har ikkje vore eit aktuelt tema i Rogaland, då det er lite snø i fylket.

## ***IV. Planting på areal som ikkje er viktige for naturmangfaldet (dvs. ikkje planting i bl.a. trua naturtypar, viktige naturtypar etter DN-handbok 13 og leveområde for raudlisteartar), friluftslivsinteresser, viktige kulturhistoriske verdiar eller verdifulle kulturlandskap.***

Tydeleggjeringa om at areal utanfor 100 meters avstand frå feltet ikkje skal vurderast har gjort dette enklare å forholda seg til. Vi opplever derimot at kommunane har lita tiltru til fleire typar dataregistreringar, som dei meiner ikkje er vaska godt nok og burde vore synfart. Dette gjeld blant anna den utvalde naturtypen kystlynghei. Det har vore tilfelle der registreringar ikkje har

blitt nemnt i vurderingsskjemaet som kommunane fyller ut, som har vore innanfor 100-metersbeltet. Desse har blitt fanga opp av Fylkesmannen i Rogaland ved stikkprøver av dokumentasjon. Kriteriet gir store krav til miljøfagleg kompetanse hos vedtaksmynne, ettersom dei også skal vurdere om arealet potensielt har viktige miljøverdiar som ikkje allereie er registrert.

Ved funn av miljøverdiar, til dømes einskilde artsobservasjonar, bør det bli vurdert korleis tiltaket det er søkt om vil påverke førekomstane (jfr. Rapport M26-2013). Korleis bør ein vurdere dette? Etablering av skog inneberer eit regimeskifte for artar som er tilpassa den stadeigne naturen, og vil med andre ord alltid påverke førekomstane på eit eller anna vis. Det bør gjerast tydelegare dersom areal der det er gjort slike einskilde funn skal bli vurdert med bakgrunn i avvegning mellom nærings- og miljøomsyn eller ekskluderast frå det potensiale arealet.

Omsyn til sensitive artar har også vore tema i Rogaland. Slike registreringar er ikkje opne for offentlegheita, og forvaltningsleddet på kommunalt nivå må be om utsjekk frå Fylkesmannen for å få avklart om det finnast slike registreringar på arealet. Det bør jobbast med auka kommunikasjon mellom regionalt og kommunalt nivå for å sikre at desse omsyna blir ivaretatt.

**3.2 Planteaktivitet og betraktingar rundt mogelegheit for å nå prognose for planting**  
Rogaland satt seg som mål at det skulle plantast 3000 dekar i fylket i løpet av dei tre prosjektåra. Dette var basert på tilgjengelege midlar og rekna ut frå erfaringstal knytt til kostnadene ved etablering av skog. Rogaland planter årleg omkring 1400 dekar (2011-2016) i det ordinære skogbruket, og eit ekstra areal i tillegg til dette ville krevje mykje innsats.




Bilde 4: F.v. Ferdig planta felt i Hjelmeland, og ferdig rydda felt i Tysvær.

### 3.2.1 Forventa og realisert areal, samla og per kommune

Ut i frå prosjektplanen, forventa vi å plante om lag 3000 dekar for heile Rogaland i prosjektperioden. Det realiserte arealet pr. 13.09.2018 er 3 285 dekar (figur 2). Det er berre 1 søknad som ikkje har endeleg plantetal, då dette planast no i haust.

I pilotår 1 blei mykje av tida nytta til å spreie informasjon og blei difor ikkje eit år med mykje planteaktivitet. Det blei fort tydeleg at meir aktiv oppfølging var nødvendig for å få realisert meir areal. Den oppsøkande verksemda blei auka i pilotår 2. Dette ga ein auking i arealet, men sidan pådrivarane berre jobba i korte periodar, såg vi ikkje ein stor effekt.

Sommaren 2017, tilsette Tysvær ein pådrivar, som seinare også skulle arbeide for Vindafjord kommune. Pådrivaren jobba dedikert med oppsøkande verksemd over lengre tid, noko som ga gode resultat. Vindafjord og Tysvær har som eit resultat av dette fått auka plantearealet sitt kraftig frå dei to føregåande åra.



Figur 2: Oversikt over plantetal i dei ulike kommunane gjennom pilotfasen med totalt areal framheva over kolonnen.

### 3.2.2 Forventa planting hausten 2018

Rogaland har i all hovudsak planta sitt areal innan sommaren 2018. På grunn av vanskelege planteforhold våren 2018, må ca 140 dekar plantast på hausten. Dette blir gjennomført i september 2018.

### 3.3 Ivaretaking av målsettingar og ulike omsyn, av dette potensielle målkonfliktar

- **Planting må gi positive klimaeffektar**
- **Plantinga må ha akseptable verknadar på naturmangfald og andre miljøverdiar**
- **Plantinga bør gi grunnlag for framtidig næringsutøving**

Ein potensiell målkonflikt finn vi ved at høgare bonitetar vil peike mot areal som er verdifulle med omsyn til biologisk mangfold. Areal med låg attgroing kan tyde på verdifulle areal på høg bonitet i tidleg suksesjonsfase, eller areal med naturleg lågare bonitet som gir ein seinare suksesjon. Desse areala vil kunne bære potensiell framtidige naturverdiar, til dømes etablerte skogar med auka treslagsdiversitet, eller som restaurerte opne landskap.

For å oppnå klimaeffekt og framtidig næring, betyr dette val av treslag og proveniensar som gir høg produksjon og kvalitet. På Vestlandet og langs kysten er gran det mest aktuelle kommersielle treslaget, som står for 85-90% av hogstaktiviteten. Med prosjektet sitt krav om høg bonitet i pilotfasen for å sikre positiv klimaeffekt, vil dette ekskludere bruk av furu. Furu er tilpassa låge bonitetar og tørrare klima, og egnar seg difor dårlig dei fleste stader langs kysten. Furu langs kysten gir lågare produksjon og dårligare kvalitet i form av dårlig stammeform og råtekvist, og oppfyller difor ikkje omsynet til klimaeffekt eller framtidig næringsutøving.

Bruk av lauvtreslag gir også ein utfordring knytt til klimaeffekt og framtidig næringsutøving. Lauvtre er meir kostnadskrevjande ettersom det er vanskelegare å få tak i egna plantemateriale for regionen. Etablerings- og skjøtselskostnadane er også vesentleg høgare enn bruk av kommersielle treslag, ettersom tresлага må ha meir intensiv oppfølging for å produsere kvalitetsvirke. Produksjonen for lauvtre vil også være lågare, og dermed binde mindre CO<sub>2</sub>.


Omsynet til klima og næring vil difor i praksis ekskludere både lauvartar og furu som hovudtreslag på klimaskogfelt. Desse tresлага vil derimot kunne brukast aktivt som avbøtande tiltak for å innfri miljøkrav og landskapsomsyn.

### 3.4 Kontakt med grunneigarar

Spreiing av informasjon i samarbeid med fleire organisasjonar har vore viktig for å kome i kontakt med grunneigarar som kan være interessert i plantetiltaket. Gjennom dei tre prosjektåra har det kome både positive og negative tilbakemeldingar, og nokre av desse kan lesast under. Bilde 5 viser skjermdump frå nokre artiklar om pilotprosjektet, som er lagt ved sluttrapporten.

#### Positive tilbakemeldingar:

- *For meg handlar dette om å delta i noko som er positivt for miljøet, og samstundes ta vare på skogressursen og skapa verdiar for framtida. – grunneigar i Vindafjord*
- *Målet er å utvikla potensialet til garden og eg ynskjer å vera med på klimaskogprosjektet. – grunneigar i Vindafjord*
- *Tysvær kommune er til dømes inne med klimaskog. Det er jo fantastisk, og det vil me støtte opp om. – Besteforeldrenes klimaaksjon*
- *Jeg kom over en artikkel om klimaskog og synes dette høres veldig positivt og spennende ut. – grunneigar i Sandnes*



Bilde 5: Skjermdump av ulike oppslag knytt til pilotprosjektet. Meiningane er varierande. For å lese artiklane, sjå vedlegg 3.4.

### Negative tilbakemeldingar:

- *Skog er ugras. – Grunneigar i Bjerkreim*
- *(Tiltaket er) statsstøtte til skogbrukarar som ikkje tar seg råd til investering i skogbruk grunna låg inntektsmargin – Innbyggjar i Vindafjord*

#### 3.4.1 Kommunane og skogpådrivarane sin informasjon og aktivitet ifm. grunneigararkontakt

Kommunane og pådrivarane oppsøkte grunneigarar ved hjelp av informasjonsmøte og telefonsamtaler. I tillegg blei felt føreslått av grunneigaren sjølv, eller fra næringsaktørar. I tabell 5 viser vi fordelinga av kor føreslag om felt kom frå. Vi ser at bruk av pådrivar har sørgja for 67% av dei tilrådde felta, og at berre 15% av felta blei tilrådd av grunneigaren sjølv.

Tabell 5: Oversikt over felt som er føreslått, fordelt mellom ulike kontaktpunkt.

Kontaktperson	Prosent
Grunneigar	15 %
Kommune	11 %
Skogpådrivar	67 %
Næringsaktørar	1 %
Ukjent	6 %
SUM	100 %

#### 3.4.2 Interesse for deltaking, og informasjon om søkergruppe

Interessa for deltaking i pilotfasen har vore stigande. Som nemnt i tidlegare avsnitt, var interessa låg i 2016, men i 2018 var det fleire interesserte grunneigarar enn prosjektet hadde budsjett til.

For å få eit inntrykk av kven søkerane er, har vi sett på litt bakgrunnsinformasjon om landbruket i Rogaland. Det er ca 10 400 landbrukseigedommar i Rogaland. Nesten 5 000 av desse har produktiv skog. Av grunneigarane som har minst 25 daa produktivt skogareal, driv om lag 45% av eigarane med aktiv jordbruksdrift<sup>7</sup>. Dette viser at jordbruk er viktig i Rogaland. Heile 70% av eigedommane med tilhøyrande skog er mellom 10-249 dekar store, noko som betyr at dei fleste har lange intervall mellom kvar gong dei driv aktivt i eigen skog<sup>8</sup>. Difor har dei færraste eit forhold til skog og skogbruk, noko som er eit fellestrekk i fleire av Vestlandsfylka.

<sup>7</sup> SSB - [www.ssb.no/jord-skog-jakt-og-fiskeri/statistikker/stskog](http://www.ssb.no/jord-skog-jakt-og-fiskeri/statistikker/stskog), 26.04.2018, tabell 2.

<sup>8</sup> SSB - [www.ssb.no/jord-skog-jakt-og-fiskeri/statistikker/stskog](http://www.ssb.no/jord-skog-jakt-og-fiskeri/statistikker/stskog), 26.04.2018, tabell 5.

Vi retta nokre spørsmål til pilotkommunane om søkerane med godkjente felt (tabell 6). Pilotkommunane sine svar viser at over halvparten driv aktivt med jordbruk, og då også med husdyr. Dei aller fleste (81 %) bur i kommunen som eigedommen ligg i, og er i yrkesaktiv alder. Spørjeundersøkinga viste at eit mindretal av søkerane deltok aktivt i plantearbeidet og planlegginga av det. Det er derimot mange som likevel er vurdert som «aktiv skogbrukar» av pilotkommunane.

*Tabell 6: Statistikk over søkerane med godkjente søknader (totalt 48 stk).*

	NEI	JA
Driv søker aktivt jordbruk (søker produksjonstilskot)?	23 stk	25 stk
Om ja, også med husdyr?	23 stk	25 stk
Er søker innanbygdsbuande?	9 stk	39 stk
Er søker i yrkesaktiv alder?	8 stk	40 stk
Oppfattar du søker som ein "aktiv skogbrukar"?	15 stk	33 stk


#### **Årsak til at grunneigarar ikkje ønskjer å delta i pilotprosjektet**

I følgje spørjeundersøkinga retta mot pilotkommunane var det treslagsval og ønske om å nytte areal til beite/jordbruk som var viktige årsaker til at grunneigarane ikkje ønskte å delta (figur 3).

I ettertid ser vi at spørsmålet om treslagsval ikkje får fram om grunneigar heller ønskete til dømes lauvtreslag, eller om dei ønskte utanlandske treslag. I prosjektfasen har prosjektleiinga fått innspel på begge ønska, der nokon har valt å ikkje søke fordi dei heller vil ha utanlandske treslag (på grunn av betre vekst og stabilitet) og nokon ville heller ha lauvtre (eik og liknande). For føreslått felt i fylket sin eiga oversikt (tabell 8 og 9), ser vi at treslagsval ikkje var det viktigaste som gjorde at prosessen stoppa. Her var det berre 3 av 267 føreslårte felt der prosessen stoppa opp på grunn av treslagsval.

For dei som ønskete å nytte arealet til beite/jordbruk, var det få som hadde konkrete planar eller alternativ bruk for dei aktuelle felta. Tinglysing av avtalen blir rangert som ikkje viktig.

## Dei viktigaste årsakene til at grunneigar ikkje ønskte å delta




Figur 3: Oversikt over årsakene til at grunneigarar ikkje var interessert i å delta i pilotprosjektet.

## Årsak til at grunneigar ønskte å delta i pilotprosjektet

For dei som var interessert, var det i følgje kommunane tilskotsordninga i prosjektet som skilte seg ut som ein viktig grunn til å delta (figur 4). Vi såg difor på tilskotsordningane for ordinært skogbruk for å samanlikne (tabell 7).

## Dei viktigaste årsakene til at grunneigar ønskte å delta



Figur 4: Oversikt over årsakene til at grunneigarar ønskja å delta i pilotprosjektet.

I tabell 7 kan vi sjå tilskotssatsane i det ordinære skogbruket. Ved høge satsar er det naturleg å tru at det vil vere enklare å søke om tilskot gjennom ordinære tilskotsordningar, ettersom det ikkje krevst til dømes tinglysing av arealet. Mange kommunar i Rogaland har høge tilskotssatsar, men det er vanskeleg å seie om dette har påverka interessa for pilotprosjektet. Bruken av pådrivarar har mest sannsynleg påverka interessa mest, ved at desse har følgt opp ekstra.

Tabell 7: Tilskotssatsar i det ordinære skogbruket for kommunane i Rogaland per 01.01.2018. Tilskota er summen av NMSK-tilskot og kommunale tilskot.

Kommunar	Plantekjøp og plantearbeid Tilskot i %	Flaterydding Tilskot i %
Forsand, Strand	90	90
Bjerkreim	90	85
Eigersund	85	85
Tysvær, Karmøy	80	80
Lund, Gjesdal, Sokndal	70	70
Vindafjord	65	65
Hå, Sandnes, Stavanger, Time	60	60
Sola, Finnøy	60	0
Klepp	0	60
Sauda, Suldal, Haugesund	50	50
Hjelmeland	50	450 kr
Bokn, Utsira, Randaberg, Rennesøy, Kvitsøy	0	0

### 3.5 Saksgang og saksbehandling

I Rogaland valte vi pilotkommunar som var best rusta for eit ekstra plantefokus. Ved å starte med kommunar som har skogkompetanse og interesse for tiltaket, hadde vi eit godt utgangspunkt for god aktivitet. Pilotkommunane har ytt ekstraordinær innsats, men det er vanskeleg å sjå for seg at dette nivået kan oppretthaldast utan ekstra kapasitet. Dette viser og at sjølv ved å starte med dei best rusta kommunane, har desse sine grenser knytt til kapasitet.

Kommunen har hatt vedtaksmynne i pilotfasen, og har derfor tatt seg av saksbehandlinga. Tilbakemeldingane frå kommunane har fortalt oss at saksgangen har mange dokument og er tidkrevjande. Kommunane fortel at dei har brukt mykje tid på å hjelpe grunneigarar i mål med saksdokument. Grunneigarar sender inn signerte søker, men utan innhald. «Det er det vi som må fylle ut», seier kommunane. Ein av grunnane er mangel på kunnskap hos grunneigarar, både knytt til pris, kva tiltak det er behov for, og kven som skal gjere arbeidet. Dette fører til passive eigararar, og meir arbeid for kommunane. Diverre opplever kommunane at det ikkje blir noko aktivitet dersom dei ikkje har denne praksisen. Dette fører til ekstra belastning på kommunane sin kapasitet. Nokre næringsaktørar melder at dei fyller ut slike skjema (til dømes førespurnad om utbetaling) som ei teneste for grunneigarar.

Grunneigarar, kommunar og skogambassadørar har føreslått ei rekke areal, og ut frå kommunane si rettleiingsplikt, har mykje blitt avklart utan formell behandling. I tabell 8 er ei oversikt over alt areal som er blitt føreslått, og det som har gitt planteaktivitet. I tabell 9 finn vi årsaka til at prosessen stoppa for felta, som gjeld for 267 av felta.

Tabell 8: Oversikt over areal som er føreslått, etablert og stansa i pilotfasen.

	Føreslätte felt			Etablert klimaskog		Prosess stoppa (føreslått - etablert)
Satsingskommunar	Areal	Tal felt	Tal i ØKS	Areal	Tal felt	SUM Tal felt
Bjerkreim	1236	20	10	689	8	12
Eigersund	1183	20	7	605	4	16

Tysvær	1383	201	15	759 <sup>1</sup>	15	186
Vindafjord	1395	26	16	499	15	11
Hjelmeland	448	6	5	290	4	2
<b>Andre kommunar</b>						0
Gjesdal	101	3	2	101	2	1
Lund	440	5	1	341	1	4
Sokndal	50	1	0	0	0	1
Karmøy	Ukjent	1	0	0	0	1
Haugesund	Ukjent	1	0	0	0	1
Hå	1500	2	0	0	0	2
Sola	7	1	0	0	0	1
Strand	1070	20	0	0	0	20
Finnøy	Ukjent	1	0	0	0	1
Suldal	83	4	0	0	0	4
Sauda	5	2	0	0	0	2
Sandnes	20	2	0	0	0	2
<b>SUM</b>	<b>8921</b>	<b>316</b>	<b>56</b>	<b>3 284</b>	<b>49</b>	<b>267</b>

<sup>1)</sup> Manglar areal for 1 felt

Tabell 9: Tabellen visar årsaka til stopp i prosessen.

Årsak til stopp i prosessen	Tal felt	Kommentar
Miljø/landskap	11	Areal har naturtyperegistrering eller andre miljøomsyn
Jordbruk/jordlov	36	Inneber både felt som skal halde fram som jordbruksareal og felt som ville blitt avvist i forhold til jordlov
Skogbruk	5	Aktiv skogsdrift og foryngingsplikt på arealet
Attgroingsgrad	7	
Eigedomsoverdraging	11	
Driftsforhold	9	Bratt terreng, eller for lang avstand frå veg
Trekt seg	3	
Nedprioritert	66	Interesserte, men nedprioriteret på grunn av ikkje pilotkommune/manglende midlar
Andre årsaker	83	Utsett for viltskader (1 stk), därleg offentleg vegnett (5 stk), ønskje om anna treslag (3 stk), ikkje interessert m.m.
Ukjent årsak	36	Ikkje oppgitt årsak
<b>SUM</b>	<b>267</b>	

### 3.5.1 Vurdering av innmeldt areal

Det blei utarbeidd oversikt over saksgangen frå Fylkesmannen i Rogaland til kommunane som ein rettleiar (vedlegg 3.5.1). Dette var ei kort oversikt over kva slags dokument som skulle med, og kva som var kommunen sine oppgåver. I tillegg til dette, nytta kommunane relevante kartløysingar som grunnlag for vurderingane. Prosjektmedarbeidaren var tilsett for å gje råd til kommunane og prosjektet i pilotår 1, og sjå til at den miljømessige delen av vurderingane blei ivaretatt.

### *3.5.1.1 Handtering i økonomisystemet for skogordningane (ØKS)*

Prosjektet fekk ei eiga ordning i ØKS, som kommunane måtte læra opp i. Det blei utarbeidd ein rettleatingsvideo i ØKS, som blei sendt til kommunane. Mykje i ØKS er bra, men fleire funksjonar er lite brukarvennlege. Systemet kunne ha vore forbetra ved å til dømes å lage tydelege funksjonar for dei ulike dokument som skal lastast opp. Ved å knytte informasjon frå ØKS til Digipost vil ein kunne handtere mykje av saksgangen digitalt, då den no ofte blir sendt som brev per post, og dermed tar lang tid.

Utbetaling av midlar via ØKS er også tidkrevjande, då dette må gjennom saksbehandlar hos kommunen, deretter til Fylkesmannen for til slutt å bli utbetalt av LDIR. Dette medfører at saksgangen tar lang tid, og at det kan gå lang tid før søker får utbetalt tilskotet.

Det kunne ha vore tydelegare i ØKS kven som skal fylle ut kva i systemet (Fylkesmannen eller kommunen). Bruk av hjelpetekst for dei ulike funksjonane i systemet og å implementere dokumenta (vurderingsskjema, avtale etc.) i systemet, kan bidra til at saksgongen blir meir oversikteleg. Krav til arkivering (hos kommunane og i økonomisystema) og oppsamling av dokument i ØKS som ein del av digitaliseringa har også blitt nemnt som eit forbetringsområde.

Det har vore utfordringar knytt til bruken av ØKS. Her er nokre av områda som krev meir opplæring.

- Ikkje samsvar mellom areal i ØKS, vedtaksbrev og avtale
- Ikkje opplasta dokument i ØKS
- Ikkje vedlagt faktura ved førespurnad om utbetaling
- Manglende signaturar
- Ulikt areal mellom søknadsfelt i ØKS, kartløsing i ØKS, og andre kartportalar.


### *3.5.1.2 Tilleggskartlegging*

I følgje rettleiar M-407|2015 skal kommunen vurdere om det er behov for tilleggskartlegging med omsyn til lokal kjennskap og/eller annen tilgjengeleg informasjon om miljøverdiar på feltet, når dei vurderer innmeldt areal (sjå deira tilbakemelding i punkt 3.5.2). Dette skal ein gjære dersom kartlegginga av miljøverdiar blir vurdert som usikker (gammal eller ikkje dekkande). Ved funn av registreringar i eller direkte i nærleiken av felta (100 m) skal desse vurderast opp mot miljøkriteriane.

For å tydeleggjere statusen for naturtypekartlegging i kommunen, utarbeidd miljøvernnavdelinga hos Fylkesmannen ein oversikt over kommunane sin status for naturtypekartlegging, som er inkludert i kartløsinga (bilde 6). Det blei starta eit arbeid med ein rettleiar for miljøtema, som spelte vidare på løsinga som Nord-Trøndelag utarbeidd, men inkluderte arealtypane skog og open fastmark. Dette arbeidet stoppa opp, og kommunane har difor følgt rettleiaren M-407|2015 og blitt oppfordra til å melde inn behov for tilleggskartlegging dersom dei var usikre. Fylkesmannen har etterspurt behov for tilleggskartlegging frå kommunane i god tid før feltsesongen, men har berre mottatt ein førespurnad. Dette arealet blei nedprioriterert for planting, og gikk difor ut frå kartlegginga.

Der det har blitt funne miljøregistreringar i nærleik til (100 meter) eller på plantefeltet, har anten avbøtande tiltak blitt satt i gang, eller feltet har blitt avklart gjennom direkte kontakt med registratoren og/eller fagkompetanse hos Fylkesmannen si miljøvernnavdeling. Til dømes har felt blitt oppsøkt og registreringar har blitt kontrollert om desse framleis er å finne på feltet.

Avbøtande tiltak har til dømes vore større innslag av lauvtre på feltet med registreringa før planting dersom feltet er i nærleik til viktige naturtypar.



Det skal gjerast vurdering av korleis dette har fungert, gjennom eiga evaluering som blir presentert saman med sentral prosjektleiing sin sluttrapport. Dette vil vise om tiltaka som er gjort i pilotfasen er tilstrekkelege og fangar opp miljøverdiane der ein finn dei.

Kva er naudsynt grad av detaljar i kartlegginga, og korleis nyttar ein eksisterande kunnskap for å vurdere eit behov om ytterlegare kartlegging? Dette er viktige tema å synleggjere i ein eventuell oppskalering. Store biotopar og naturkompleks skal være fanga opp på eit regionalt nivå, men ein avgrensa ressurstilgang gir varierande grad av detaljert kartlegging i fylket. Dette gjer seg og utslag i at einskilde naturtypefigurar er av eldre årgang og det hadde vore fordelaktig om desse vart synfart på nytt. Vidare, areal teikna som ein naturtype kan inkludera element av andre viktige naturtypar. Slike mosaikkar av naturtypar i eit landskap vert oftast omtala i skildringane som følger dei einskilde naturtypefigurane. Til dømes kan naturbeite gå over i fukthei og kystmyr og eksakte grenser kan være vanskelege å fastsette. Dette betyr at ei open beitemark i tidleg attgroing kan ha fleire kvalitetar og livsmiljø som er viktige for biologisk mangfold.

Søk etter einskilde artar, deriblant raudlista artar, eller vurdering av detaljert avgrensing av naturtypar krev høg kompetanse. For å registrere einskilde artar må kartleggarane vere på staden når arten er på eit identifiserbart stadium. Artar som klokkesøte vil nok fort bli oversett om synfaringa skjer om våren. Dette er nokre av dei momenta som kommunane må ta omsyn til i avgjerala om dei skal bestilla ytterlegare kartlegging av feltet. Det er klart frå kommunane sine tilbakemeldingar at dei har vanskar med å vurdere behovet, anten ved fagleg kompetanse eller kapasitet. Viss nivået ved ein eventuell oppskalering skal være som dagens innretning, bør ein vurdere ein obligatorisk kartlegging dersom kommunen ikkje fagleg kan slå fast om dette er naudsynt eller ei. Dette vil derimot krevje store kostnadar. Et alternativ vil være å vurdere kva slags rolle kommunane skal ha når felt blir vurdert.

### **3.5.1.3 Avtale**

Avtalen skal sikre at planta felt ikkje blir hogd for tidleg, for å sikre binding av CO<sub>2</sub> fram til skogen er hogstmoden. Med eit tilskot på 100% er det naturleg at staten vil sikre at desse midlane blir brukt rett. Avtalen og tinglysing av avtalen gir derimot ei utvida saksgang, der kommunen også må endre avtalen dersom plantearealet blir justert etter at vedtaket er gitt og tiltaket er utført. Det betyr ny avtale og ny signaturrunde med grunneigar, noko som tar meir tid.

Å implementere essensen av avtalen i vedtaksbrevet ville redusert saksgangen, men om dette held vatn juridisk, er ikkje utforska. I ordinært skogbruk kan ein også søkje om tilskot, og utbetalinga kan krevjast tilbake dersom villkår ikkje blir overhalde. Dette kan til dømes være hogst før hogstmoden alder. Ei tinglysing av avtalen vil truleg stå sterke, ettersom dette er knytt til matrikkelen, men det vil være gunstig å sjå nærmare på ei mogleg forenkling.

### **3.5.2 Kommunen og skogpådrivar sin informasjon om saksgang og saksbehandling**

Punkta under er henta frå spørjeundersøking som pilotkommunar og deira pådrivarar har svart på samt innspel undervegs i pilotfasen. Nokre av tema er samla i figurar under. Dei fem pilotkommunane har deltatt i spørjeundersøking, der ein av skogbruksjefane dekka to pilotkommunar.

#### **Pådrivar**

Pådrivarane har i stor grad følgt opp arbeidet med det praktiske på felta. Pilotkommunane med mest bruk av pådrivarar nemner dette som ein helt kritisk faktor, då det ikkje hadde vore kapasitet til same oppfølging dersom pådrivar ikkje hadde vore på plass. Pådrivarane har vore den mest effektive metoden for å skape interesse for ordninga (sjå punkt 3.4.1), og det er ønske om større budsjett for både kommunen og pådrivar si rolle i ein eventuell oppskalering. For auka informasjon ut mot grunneigarar blei det framheva at det også bør være kampanjar på nasjonalt nivå vidare.

#### **Tiltak og midlar**

Det har vore eit ønske frå pilotkommunane om å auke oppfølgingsperioden og midlane til dette frå 5 år til 10 år. Dette er for å sørge for at også behovet for ungskogpleie blir følgt opp. Nokre av pilotkommunane og pådrivarane har også nemnt at plantemenyen bør av klimatiske omsyn utvidast, eventuelt bør ein ha større innslag av andre treslag for å ha meir stabile bestand.


#### **Kjelder til informasjon**

Pilotkommunane fekk i løpet av pilotfasen tilgang til fleire informasjonskjelder, til dømes portalar på nett, malar og anna rettleiingsmateriale. I figur 5 kan vi sjå at dei aller fleste kjeldene fungerte bra eller svært bra. Tilbakemeldingane frå eit mindretal av pilotkommunane var at vurderingsskjema for plantefelta, vedtaksmalar og fylket si kartløsing fungerte middels.

Prosjektleiinga har frå starten av pilotfasen fått tilbakemelding på at det er mange omsyn som skal vurderast, og dette er krevjande. Vurdering av felt, då spesielt attgroingsgraden har vore krevjande for nokre kommunar, og dei ønskjer meir rettleiing ved ein eventuell oppskalering. Samarbeid med andre fagmiljø i kommunen har gitt gode diskusjonar rundt enkeltfelt. Ein kartportal på sentralt nivå og ein kommunal rettleiar vil kunne være med på å forenkla vurderinga av felt. Kartportalen på regionalt nivå fungerte som eit supplement til vurdering av felt, men synfaring var essensielt.

ØKS som system har fått blanda respons. Nokre pilotkommunar synes at systemet er litt vanskeleg å bruke og at ikkje alt er heilt intuitivt. Dette gjeld særleg kartløysinga som er integrert

her. Det har også blitt nemnt at det kunne vore tydelegare kven som skulle fylle ut kva, og kome tydelegare fram at utbetalingsførespurnad var sendt til Fylkesmannen. Fleire har nemnt at WebSkas fungerer godt til tilskotsbehandling, og tilskot bør samlast i eit tilskotssystem. Automatisk varsel til kommunane om at utbetalingar har blitt anvist og utbetalt var også eit ønske. Rettleiingsvideoen fekk god tilbakemelding frå dei som hadde nytta den, men som vi ser i spørjeundersøkinga har ikkje alle pilotkommunane brukt denne.



Figur 5: Oversikt over korleis informasjonskjeldene har fungert, basert på spørjeundersøkinga gjort mot kommunane.

## 3.6 Økonomi

### 3.6.1 Rekneskap per 30.06.2018

Pilotfasen på regionalt nivå blir avslutta 01.10.2018, og er budsjettet med dette. Differansen vil difor bli mindre enn det som blir presentert i figur 6.

	BUDSJETT		REGNSKAP (t.o.m. 30.06.2018)				DIFFERANSE
Kode	Budsjettposter	SUM	Prosjektår 1	Prosjektår 2	Prosjektår 3	SUM	
1	Fylkesmannen *Prosjektleiar (inkl. sos. Utg., admin., reise, ***kontorskatt, 3 år)	3 079 000	710 973	940 990	745 362	2 397 326	681 674
	**Prosjektmedarbeidar (inkl. sos. Utg., admin., reise, ***kontorskatt, 1 år)	716 000	440 681	330 958	0	771 638	-55 638
	1) Kartanalyse (innleia tenester)	200 000	167 070			167 070	32 930
	Møter, informasjonsmateriell	10 000	17 762	3 800	9 200	30 762	-20 762
	<b>SUM Fylkesmannen</b>	<b>4 005 000</b>	<b>1 336 486</b>	<b>1 275 748</b>	<b>754 563</b>	<b>3 366 796</b>	<b>638 204</b>
2	Kommunane Prosjektadministrasjon	700 000	-	160 000	353 750	513 750	186 250
	Innleia tenester (Tilleggskartlegging, temaplan)	375 000	-	24 000	48 281	72 281	302 719
	Møter, reiser, informasjonsmateriell	100 000	-	7 424	44 978	52 402	47 598
	<b>SUM Kommunane</b>	<b>1 175 000</b>	<b>-</b>	<b>191 424</b>	<b>447 009</b>	<b>638 433</b>	<b>536 567</b>
3	2) Plantekostnader ***Klargjøring av areal (500 kr/daa)	2 673 500	-	426 575	594 052	1 020 627	1 652 873
	****Plantekjøp	2 446 500	-	263 466	633 493	896 959	1 549 541
	*****Plantearbeid (750 kr/daa)	2 700 000	-	407 830	688 187	1 096 017	1 603 983
	Merverdiavgift			194 008	81 575	275 583	-275 583
	*****Oppfølging av plantefelt (suppleringsplanting, vegetasjonskontroll)	1 380 000	-		1 380 000	1 380 000	-
	<b>SUM Plantekostnader</b>	<b>9 200 000</b>	<b>-</b>	<b>1 291 879</b>	<b>3 377 307</b>	<b>4 669 186</b>	<b>4 530 814</b>
	<b>SUM TOTALE KOSTNADER</b>	<b>14 380 000</b>	<b>1 336 486</b>	<b>2 759 051</b>	<b>4 578 879</b>	<b>8 674 415</b>	<b>5 705 585</b>

Figur 6: Økonomioversikt - per 30.06.2018

- Kartanalyse:** Kartanalysen blei gjennomført hos Fylkesmannen, og denne blei utført av GIS-ansvarleg på embetet. Dette medførte at kostnadene knytt til kartarbeid blei lågare enn det som var budsjettet. Budsjettet blei difor revidert til versjon som blir vist i figur 6.

- Plantekostnader:** Berekna etter pristilbod frå planteskular.

**\*\*\*Klargjering av areal (500 kr/daa):** Denne kostnaden vil variere frå felt til felt, og vi har difor valt å sette ei samla sum for heile perioden, ut frå rettleiande prisar i fylket.

**\*\*\*\*Plantekjøp og garanti:** Pris tatt ut frå rettleiande prisar i fylket.

**\*\*\*\*\*Plantearbeid (750 kr/daa):** Pris tatt ut frå rettleiande prisar i fylket.

**\*\*\*\*\*Oppfølging av plantefelt:** 15% av total plantekostnad, som er låst i ØKS.

### 3.6.2 Kostnadar knytt til administrasjon

#### 3.6.2.1 Administrasjonskostnadane i pilotfylket

Administrasjonskostnadene hos Fylkesmannen har dekkja prosjektleiar si stilling, samt prosjektmedarbeidar i eitt år. Det blei leigd inn noko hjelptekniker internt før prosjektleiar blei tilsett.

Rogaland fekk tildelt midlar for å dekkje stillinga til ein prosjektmedarbeidar, der føremålet var å auke kapasiteten i pilotfasen, auke miljøkompetansen og bidra med vurderingar av behov for tilleggskartlegging. Prosjektmedarbeidaren deltok på synfaringar i oppstartsfasen og skogdagar, samt var tilgjengeleg for rettleiing.

Rekneskapen går berre til 30.06.2018, men prosjektleiar er tilsett fram til 01.10.2018. Administrasjonskostnadene er difor budsjettet for å dekkje dette. Per 30.06.2018 stod det att om lag 640 000 kroner som skal dekkje den resterande perioden.

#### 3.6.2.2 Administrasjon kommune og skogpådrivarar

Ved oppstart fordelede vi 150 000 kroner til kvar av pilotkommunane som dei utarbeidd budsjett til. I pilotår 2 var det tydleg at aktivitetsnivået var ulikt i kommunane, og det blei gjort ei ytterlegare fordeling av attståande midlar. Kommunane sine budsjett blir vist i tabell 10.

Tabell 10: Oversikt over pilotkommunane sine budsjett.

Kommune	Budsjett
Bjerkreim	250 000
Eigersund	250 000
Vindafjord	215 000
Tysvær	310 000
Hjelmeland	150 000
<b>SUM</b>	<b>1 175 000</b>

Kvar enkelt kommune har fått dekka sine kostnader knytt til pilotprosjektet, også timer brukt til saksbehandling. Enkelte kommunar har valt å leige inn pådrivarar. Fylkesmannen valde å utarbeidd ein mal for budsjett og rekneskap, som kommunane brukte ved førespurnad om utbetaling. I dei to kommunane med mest aktivitet knytt til oppsøkande verksemd, er det synfaringar og oppfølging av felt som har kravd mest tid og ressursar.

For kommunane stod det att 536 000 kroner pr. 30.06.2018. Fleire kommunar har sendt inn førespurnad om utbetaling etter dette, og det blir forventa at dei administrative midlane for kommune og pådrivarar vil bli brukt opp.

### 3.6.3 Kostnadar knytt til planteaktivitet

#### 3.6.3.1 Planteproduksjon: lager, kapasitet, bestilling/garanti



Bilde 7: Produksjon og ferdige klimaskogplanter

Ein finn ingen planteskular i Rogaland per dags dato. Det var difor nødvendig å gå utanfor fylket for å sikre plantetilgang. Næringsaktørar har meldt om eit generelt problem om å få tak i ekstra planter utover det som er kontraktbestemt frå planteskulane. Dette kan føre til at grunneigar si interesse for planting ikkje kan følgjast opp før neste sesong.

For å sikre tilgang på tilstrekkeleg med planter, blei det i Rogaland gitt garantiar til tre forskjellige planteskular. Garantien gjaldt toårige granplanter av proveniensen Relikt-Oberharz, som Skogfrøverket anbefalte prosjektet ved oppstart. For å auke sjansen for overleving, blei M60-planter valt. Dette er planter som har litt større rotplugg, og som er meir robuste.

To av planteskulane har opplevd problem i produksjonen, og har difor varsla at dei ikkje kan levere alle dei ønska plantene. Dette vitnar om at planteskulane er sårbare, og at det var viktig å få sett i gang produksjonen ved prosjektstart for å få nok planter. Ved start, kunne skulane stort sett berre tilby eittårige planter, og dette gjorde at det meste av planteaktiviteten skjedde i år 2 og 3. Det blei kassert 20 000 planter i siste pilotår, på grunn av skader som følgje av produksjonen. I tillegg blei det erstatta 50 000 planter med M95-planter, som følgje av same produksjonsfeil. Det totale plantetalet for pilotfasen blei på over 800 000 planter, og dei kasserte utgjorde rundt 9 % av plantetalet.

#### 3.6.3.2 Planteøkonomi: førehandsarbeid, planting og etterarbeid/oppfølging

Rogaland utarbeidd budsjettet ut i frå erfaringstal i ordinært skogbruk. Desse blei vidare brukt som rettleiande prisar for kommunane og grunneigarar når desse skulle søke om tilskot og anslå kostnadar på plantefeltet.

##### Rettleiande prisar i pilotfasa har vore:

Plantearbeid: 750 kr/daa

Plantekjøp: 750 kr/daa

Førehandsarbeid: 500 kr/daa

Erfaringar frå planting viser at førehandsarbeid og plantearbeid har vore dyrare enn forventa samanlikna med dei rettleiande prisane. Førehandsarbeid har vore den mest usikre variabelen i plantearbeidet.



Bilde 8: Kostnadane variere etter attgatingsgraden og kor mykje som ryddast. Her frå to ulike felt, i same kommune.

Høge kostnadar var knytt til felt der det ikkje var innhenta pris på førehand, noko som gjorde at felt kom dyrt ut. For å rette opp i dette, vart det etter plantesesongen einighet om å innhente pris på areala frå fleire aktørar, og sile ut felt som vart svært kostbare.

Som tidlegare nemnt, har tilskotet vore ein viktig faktor for deltaking, men dei fleste grunneigarane har ikkje vore aktiv med i planlegginga av tiltaket. Tilskotet på 100% kan ha bidrige til at grunneigar ikkje involverer seg ved utarbeidning av kalkyle for arbeidet i eit forsøk på å få eit kostnadseffektivt tiltak. Med ein lågare tilskottssats eller eit kostnadstak vil det være eit incentiv for grunneigar å velje meir kostnadseffektive alternativ, og dermed bidra til eit meir rasjonelt prisnivå. Dette kan derimot i eit fylke som Rogaland, være ein faktor som gjer at tiltaket mister interesse. I eit fylke som Rogaland, der dei færreste har ein skogfondskonto å hente midlar frå, vil eit for lågt tilskot føre til at berre dei mest idealistiske grunneigarane søker.

Ein annan viktig faktor for å få kostnadseffektive løysingar, er å innhente fleire pristilbod før tiltaket blir sett i gong. Dette blei gjort for plantesesongen 2018, og ga forventa kostnadsnivå ved planlegging og utbetaling. Rutinar knytt til kommunane sine kostnadsvurderingar av felt før tiltaket er utført har vore varierande. Dette er ofte knytt til manglande kapasitet for å gjære slike vurderingar. Det bør arbeidast for å få på plass betre rutinar for å vurdere om kostnadene på felta er fornuftige.

#### Faktorar som kan gi kostnadseffektive løysingar

- Få på plass rutinar for kostnadsvurdering av feltet før tiltak
- Innhente tilbod frå fleire næringsaktørar
- Tilskot, men med kostnadstak

### 3.6.3.3 Analyse av kostnadene knytt til plantearbeidet

I tabell 11-14 kan vi sjå ein oversikt over ulike kostnadene, fordelt mellom type tiltak, attgroingsgrad og feltstorleik. Det er i pilotfasen utbetalt 6 867 256 kroner i tilskot, og satt av 15% av plantekostnadene samt restmidlar til oppfølgingsarbeid. Grunnlaget for kostnadsanalysen er henta frå ØKS og informasjon frå kommunane om kostnadene som er forventa. 39 av 49 søknadar blei avslutta innan rapporteringsfristen, og det er difor nokre tal som ikkje har komme med i den endelige sluttrapporten. Desse er synleggjort under kvar tabell.

Pilotfasen fekk tildelt 9 200 000 kroner i plantemidlar. 15% av dette (1 380 000 kroner) blei sett av til oppfølging av felt. 7 820 000 kroner blei då tilgjengeleg for kommunane å løyve til plantetiltak. Meirverdiavgift (MVA) har blitt dekt for dei som ikkje har vore MVA-registrert, og dette kan variere mellom år. Det blei difor sett av ein buffer for dette. Kostnadene i tabellane under er ikkje inkludert MVA, men har vore ein kostnad for prosjektet. Prosjektet har utbetalt 187 335 kroner for å dekke MVA i pilotfasen.

Avvik mellom midlar som er søkt om og det som faktisk blei utbetalt, skyldast mellom anna grunnar nemnt i punkt 3.6.3.2. I dei tilfella det blei pengar til overs, kom dette av at arealet blei justert for ei betre arrondering eller at areala var mindre gunstige enn først antatt.

#### Kostnadene knytt til ulike tiltak

Dei ulike tiltaka blir vist i tabell 11 med deira kostnadene. Plantekjøp og plantearbeid var kostnadene som heldt seg omkring det som var forventa. Frakt av planter og vanskeleg planteforhold var faktorar som ga høgare kostnadene i nokre tilfelle. Kostnaden for førehandsarbeidet var meir usikkert, og det blir anbefalt at det blir sett av nok pengar til dette ved ein eventuell oppfølging.

Det er hittil ikkje utført noko etterarbeid på felta, og det er difor vanskeleg å anslå kva dette vil koste. Etterarbeidet omfattar både suppleringsplanting og vegetasjonskontroll dei kommande fem åra, og det er satt av 15% av dei totale plantekostnadene til dette, i tillegg til attståande midlar dersom felt har kosta mindre enn det er løyvd pengar til. I nokon tilfelle har ein valt å la tre stå att som skjerm, for å gi betre vekstforhold for plantene. Uttak eller ringbarking av desse bør bli gjort, og dette er spesielt aktuelt for felt i sein attgroingsfase.

Kostnadene for plantefelt er i snitt 2 034 kr/daa. Innspel frå næringsaktørar og pilotkommunane seie at det bør reknas med noko meir kostnadene knytt til handtering av plantene når desse blir levert. Etterarbeid er heller ikkje synleggjort her, og det bør difor reknas inn ein buffer for dette.

Tabell 11: Kostnadene knytt til ulike tiltak ved etablering av skog.

Kostnadene knytt til ulike tiltak					
Tiltak	Areal (dekar)	Tal felt	Utbetalt (eks.mva)	Snitt (eks.mva)	
Plantearbeid	3 284	46 <sup>1</sup>	2 607 982	794	kr/daa
Plantekjøp	822 295	48 <sup>2</sup>	2 343 635	2,85	kr/stk
Førehandsarbeid*	3 075	49	1 728 304	562	kr/daa
<b>SUM kostnadene</b>	<b>3 284</b>	<b>49<sup>1,2</sup></b>	<b>6 679 921</b>	<b>2 034</b>	<b>kr/daa</b>
<hr/>					
Felling nyttbart lauv	Har ikkje blitt nytta				kr/m <sup>3</sup>
Flaterydding	2 829	45	1 581 959	559	kr/daa

Kostnader knytt til ulike tiltak					
Grøfte-/Bekkereinsing	1	1	4 000	4 000	kr/daa
Markriving	245	3	142 345	581	kr/daa
<b>SUM førehandsarbeid</b>	<b>3 075</b>	<b>49</b>	<b>1 728 304</b>	<b>562</b>	<b>kr/daa</b>

<sup>1)</sup> Manglar 2 felt der plantearbeid ikkje er registrert  
<sup>2)</sup> Manglar 1 felt der plantekjøp ikkje er registrert  
\*Førehandsarbeid blir presentert samla og splitta opp i felling nyttbart lauv, flaterydding, grøfttereinsing og markriving.

### Kostnadars knytt til attgroingsgrad

Attgroingsgrad er ein viktig faktor for å estimere kostnaden til feltet. Førehandsarbeid er det tiltaket som drar opp kostnadene, og dess meir attgrodde arealet er, dess meir arbeid må gjerast. Fordeling av attgroingsfase etter arealtype er vist i tabell 12. Attgroingsgrad blei inndelt følgjande: open (<10%), tidleg (10-50%) og sein (>50%). Attgroingsgrad er vurdert og anslått av pilotkommunane.

Tabell 12: Oversikt over tal felt i ulik attgroingsfase, fordelt etter arealtype.

Arealtype	Tal felt	Open	Tidlig	Sen
Innmarksbeite	2	1	1	0
Snaumark	9	6	3	0
Lauvskog	33	2	18	13
Blandingsskog	3	0	1	2
Barskog	2	1	0	1
<b>SUM</b>	<b>49</b>	<b>10</b>	<b>23</b>	<b>16</b>

På grunn av krevjande planteforhold i ei unormalt kort plantesesong (grunna sein vinter og svært tidleg sommar), blei rydding av feltet utsett på nokre felt. Dette var for å få plantane i jorda, og gi dei skydd når været var på sitt varmaste. Som følgje av dette, må noko av ryddejobben gjerast på hausten og vinteren. Dette gjeld 4 felt, og har ein kostnadsramme på 180 000 kroner. Dette er kalkulert inn i tabell 13.

Flaterydding er gjort på dei aller fleste felt (90-95%). Det er registrert at 2 829 dekar på 49 felt har vorte førehandsrydda. Det er 4 felt der noko rydding står att (som er tatt med i det registrerte arealet) og 5 felt som ikkje hadde ryddebehov (323 dekar).

39 av felta er registrert med attgroing (tidlig eller sein), og utløyser ofte eit behov for å rydde plass til planter for å hindre konkurranse om lys og næring. Dei opne areala har også hatt behov for rydding, men i mindre grad enn dei attgrodde. Dette ser vi av kostnaden per dekar, som er lågare for dei opne areala enn for dei attgrodde.

Tabell 13: Kostnadars knytt til flaterydding opp mot attgroingsgrad.

Kostnadars knytt til flaterydding opp mot attgroingsgrad				
Attgroingsgrad	Tal felt	Ryddekostnader	Rydda areal	Kostnad/dekar
Opent areal	10	126 800	270	470
Tidleg attgroingsgrad	23	750 473	1 484	506
<b>Sein attgroingsgrad</b>	<b>16</b>	<b>704 686</b>	<b>1 075</b>	<b>656</b>
<b>SUM</b>	<b>49</b>	<b>1 581 959</b>	<b>2 829</b>	<b>559</b>

Felling av nyttbart lauv kunne ha vore meir nytta i fylket. 16 felt er registrert i sein attgroingsfase (tabell 12), men her er det vurdert at lauvtrea kan nyttast som skjerm og dermed ringbarkast eller eventuelt tas ut ved eit seinare tidspunkt. Dette tiltaket blei ikkje nytta i pilotfasen. Uttak til bioenergi med tilskot kan være ein god metode for å nyttiggjere meir av dette virket.

Markriving blei berre gjort på tre felt. Dersom ein legg til markrivingskostnaden, vil dei opne arealet få ein snittpris på omkring 530 kr/daa. Det låge talet skyldast mogelegvis at tiltaket ikkje er veldig utbreitt her i Rogaland, og at det er få som har utstyr til gjengeleg. Som tabell 12 viser, er det 11 felt som går under innmarksbeite og snaumark, som i teorien kunne ha kravd markriving, men dette blei berre gjort på 6% av felta. Markriving kom på i underkant av 600 kr/daa, men har her blitt gjort på felt som ikkje kravde mykje rydding i forkant.

Førehandskostnadene for desse felta har difor ikkje vore veldig høge. Grøfttereinsing er berre gjort på eit felt, men det forventast at dette kan vere eit aktuelt tiltak på fleire felt ved ein eventuell oppskalering.

### Kostnadar knytt til feltstorleik

I tabell 14 har vi fordelt dei godkjende felta etter feltstorleik. Kostnadane for felta blei totalt 6 586 377 kroner, og ga ein snittkostnad på 2 042 kroner/dekar. Rogaland ga tidleg uttrykk for at det var eit ønske med felt over 20 dekar. Dette var for å sørge for at omsynet til næring blei ivaretatt, då dette gir betre utgangspunkt for lønnsemd ved slutthogst med større uttak og samla areal. Det er berre tre felt som er under 10 dekar, og desse har òg dei høgaste kostnadane. I nokre tilfelle har desse vore samanhengande med andre felt, og kostnadane har difor heldt seg relativt lågare enn kva dei kunne vore dersom felta hadde vore enkeltståande.

Med under 50 felt er det vanskeleg å fastslå at kostnadane aukar når felta blir mindre, då dette også blir påverka av attgroingsgraden og dermed behovet for tiltak på feltet. Det ser derimot ut til at felt av mindre størrelse får ein høgare snittkostnad.

*Tabell 14: Kostnadar knytt til feltstorleik. Her er totalkostnaden for feltet nytta, der anslått resterande ryddecostnad er inkludert.*

Kostnadar knytt til feltstorleik				
Feltstorleik	Tal felt	Totalkostnad	Dekar	Kostnad/dekar
1-10 dekar	3	47 998	19	2 594
11-50 dekar	23	1 608 723	774	2 079
51-100 dekar	13 <sup>1</sup>	2 134 334	955	2 236
101-200 dekar	3	716 626	411	1 744
>200 dekar	4	2 078 696	1 067	1 949
<b>SUM</b>	<b>46</b>	<b>6 586 377</b>	<b>3 225</b>	<b>2 042</b>

<sup>1)</sup> To av felta manglar nokre kostnadar, og er difor ikkje tatt med i oversikta. Eit felt er slått sammen, då det er same eigar.

### **Kostnadar knytt til oppfølging av felt**

Suppleringsplanting og vegetasjonskontroll er viktige tiltak som sørger for at etablering av skog lykkast. Som nemnt er det sett av 15% til dette. På grunn av den tørre sommaren i 2018 er det forventa behov for suppleringsplanting til våren 2019. På felt der det er sett igjen skjerm, blir det forventa kostnadar for å ringebarke eller rydde noko meir av feltet når plantene er godt etablert.

Ettersom midlane som er avsett skal dekke eventuelle behov dei kommande fem åra, vil dette føre til at nokre felt får arbeid utført i år 1, mens andre i år 5. Dette gir nokre utfordringar i høve til å sikre at det er nok midlar i år 5 til desse behova. Det er ikkje lagt opp til noko prioritering frå sentralt hald, og det blir difor opp til kommunane å vurdere behov fortløpande.

Det er grunneigar som i hovudsak har ansvar for at felta blir følgjt opp, men i praksis vil kommunane følgje med på dette. Kommunane får tilgang til å opne søknader der det er behov for midlar, og kan gjennom dette løyva pengar til suppleringsplanting og vegetasjonskontroll.

## 4. Oppsummering – potensiell aktivitet og tiltak for å lykkast

### 4.1 Erfaring med dagens innretning

#### 4.1.1 Barrierar/utfordingar

##### **Utfordingar i det ordinære skogbruket**

Utfordingane i det ordinære skogbruket i Rogaland har påverking på dette tiltaket. Dette må sjåast i samanheng med prosjektet.

- Manglande kapasitet og kompetanse i kommunane for å sikre ei forsvarleg skogforvaltning – sjeldan reine skogbruksstillingar, og ofte er stillingsprosenten låg
- Eigedomssstruktur - små eigedomar der skogbruk ikkje blir sett på som lønnsamt
- Press på å gjere om skogareal til jordbruksformål i enkelte områder
- Hausting av ung skog – 60% av skogen blir hogd før den er hogstmoden, og forståinga om at skogen bør stå lenger kan ofte være låg
- Manglande investeringar – Berre 1/3 av hogstarealet av barskog blir tilplanta
- Lite lokal foredling – mesteparten av tømmeret blir eksportert
- Infrastruktur: Lite utbygd vegnett for tungtransport

##### **Lite kunnskap/interesse og utfordingar med haldningar hos grunneigarar og folk flest**

Skogbruk er ei ung næring i Rogaland og på Vestlandet, og det er difor ikkje innbygd den same langsiktige tankegangen som i tradisjonelle skogstrøk. Som nemnt, blei det meste av den kommersielle skogen planta og er først no begynt å bli hogstmoden. I kombinasjon med eit press på skogareala og manglande investeringar etter hogst vitnar dette om at kompetansen og interessa for skogbruk generelt er låg. Grunneigarar må difor ha tett oppfølging anten frå kommunen eller andre aktørar.

Vi ser også at desse utfordingane gjeld generelt blant folk flest. Manglande kunnskap om skog og bruken av den fører til at mange ikkje har forståing for at skog kan spele ei viktig rolle i klimasamanheng. Koplinga mellom at trær i naturen også blir brukt til materiale i hus og hytter er i mange tilfelle fråverande. Bruk av pådrivarar viser at dei fleste får ei meir positiv innstilling til skog og skogbruk dersom dei får meir informasjon om dette.

##### **Krevjande saksgong**

Med store utfordingar i det ordinære skogbruket og generell låg interesse for skogbruk blant grunneigarar, opplevast dagens innretning som svært byråkratisk i form av mange dokumenter i saksgongen.

Dagens innretning krev at grunneigar sender inn og signerer søknadsskjema (før tiltaket), avtale (ved godkjent søknad), tinglysing (etter tiltaket) og førespurnad om utbetaling av tilskot (etter tiltaket), i tillegg må eventuelt avtaler med næringsaktørar gjerast dersom dei skal utføre plantearbeidet, og faktura for utført arbeid må sendast inn ved førespurnad om utbetaling. Dette omfattar minst fire forskjellige dokument som skal innom grunneigar på ulike tidspunkt. Saksbehandlar må gå igjennom søknad, fylle ut vurderingsskjema for kvart felt, skrive vedtaksbrev, behandle avtale og tinglysing samt førespurnad om utbetaling. I tillegg skal dei kontrollere at opplysningane frå grunneigar stemmer, og synfare gjerne før dei behandlar søknaden og før dei utbetales tilskot. Dersom det blir endringar i arealet, må avtalen innom grunneigaren og utfyllast på nytt.

Pilotprosjektet og planting i ordinært skogbruk er i praksis er det same, ettersom begge ordningane dreier seg om planting av skog. Det har difor vore eit ønskje frå pilotkommunane om at pilotordninga forenklast både for å samkøyre tilskotsordningane og for å forenkle saksgongen.

### **Større krav til miljøfagleg kompetanse**

Vi ser at kommunen skal overta fleire oppgåver knytt til natur, og ofte oppgåver som krev meir miljøfagleg kompetanse enn tidlegare. Kriteria i pilotfasen legg opp til at kommunane skal oppdage når eit areal kan ha potensielle miljøverdiar, og melde dette inn slik at arealet kan kartleggast og potensielle verdiar kan fangast opp. Det må arbeidast for å skape ein betre kommunikasjonsflyt mellom kommunane og instansar med miljøfagleg kompetanse, spesielt dersom ein er i tvil.

### **Skog manglar i kommunale planar**

Mange av planane i kommunane ikkje nemner skog, og i nokre tilfelle er dette ikkje unaturleg, då dette er kystkommunar utan skog (vedlegg 4.1.1). I andre viktige skogkommunar i fylket, ser vi fleire stader at skog overraskande nok ikkje er tatt med i deira planverk. For dei fem pilotkommunane som deltok i pilotprosjektet, nemner fire av dei at kommunen ønskjer planting, eller meir planting.

Eit tiltak for å få fram skogen sin verdi i klimasamanheng, er å inkludere utslepp og opptak av klimagassar i energi- og klimaplanane til kommunane. Her treng ein då malar for berekning av opptak og utslepp frå skog, til dømes på [www.miljokommune.no](http://www.miljokommune.no). Dette kan synleggjere verdien av den eksisterande skogen, og bidra til satsing på planting i kommunane.

#### **4.1.2 Kritiske faktorar/suksesskriterie**

**Oppsøkande verksemd** - Berre 15% av dei føreslårte felta har blitt føreslått av grunneigar sjølv. Oppsøkande verksemd i form av telefon/besøk er mest effektivt, og det bør setjast av mykje tid til dette.

**Økonomiske verkemiddel** - Tilskot vil være ein utløysande faktor for å få gjennomført planting, spesielt på Vestlandet. Tilskot til uttak av bioenergi vil i kombinasjon med plantetilskotet mogleg auke incentivet for tiltaket.

**Enklare byråkrati – for grunneigar og kommunar** – Færre dokument gir mindre byråkrati for både grunneigar og kommune. Utarbeide communal rettleiar i samarbeid med kommune for å unngå «stammespråk» og uklare formuleringar.

**Nok kapasitet og kompetanse i kommunane** - Med låge stillingsprosentar innan skogbruk vil dei lovpålagte oppgåvene kome først på prioriteringslista. Med såpass omfattande saksgang og ofte urøynde grunneigarar, er det viktig at kommunen kan være ein nøytral rådgjevar.

**Koordinatorrolle på fylkesnivå** – Oppfølging av kommunar, planteaktivitet, informasjonsspreiing og kontaktpunkt mellom sentral prosjektleiing og kommunalt nivå har vore ein kritisk faktor.

### **Tidlegare prosjekt har bana vegen**

I Rogaland har det vore eit klimaskogprosjekt tidligare, som blei starta opp rett etter publiseringa av rapport M26-2013. Her var fleire av pilotkommunane frå pilotfasen med, noko som mest sannsynleg har vore grunnen til at kommunane kunne takke ja og starte opp raskt, og at dei hadde ein viss oversikt over kva slags areal som var aktuelle.

**Tett samarbeid mellom prosjektleiing, kommunar og interesser** – For å få etablert gode felt, har det vore svært viktig med samarbeid mellom forvaltning og næringsaktørar. Dette gjeld både sjølve utføringa av tiltaket, men også informasjonsspreiing, innspel på svakheiter i pilotfasa og truverdigheita til pilotfasen.

#### 4.2 Vurdering av potensialet for planteaktivitet i ein framtidig ordning

Ut i frå kartanalysen på fylkesnivå er det eit stort potensiale for planting dersom ordninga blir vidareført. Her er det anslått at det potensielle arealet er på omkring 380 000 dekar (jf. tabell 1). Kartanalysen har nokre svakheiter blant anna at områder som ikkje egner seg på grunn av klimatiske forhold (på grunn av treslagsval) eller driftsforhold ikkje har blitt tatt ut, og arealet kan difor forventast å være lågare. Anslår ein at det reelle arealet er så lågt som 1/4, er det likevel rundt 100 000 dekar.

Rogaland har gode føresetnadnar for å kunne plante meir skog med omsyn til areal, men det enklaste er treslagsskifte på allereie skogkledd areal der attgroinga ikkje har komme for langt. Dette ser ut til å gi mindre kjelde til konflikt, men fordrar at virket som vert fjerna blir nyttiggjort for å få aksept for tiltaket.

Rogaland har diverse mange passive grunneigarar, og for å utnytte potensialet må desse følgjast opp. Vi ser at oppsökande verksemld er gir god effekt, og at dette vekker interesse. Oppfølgingsarbeid mot gjennomføring av tiltaket er derimot tidkrevjande, då kommunane tar på seg arbeidet med all utfylling av dokument, i staden for å gi rettleiing til grunneigarar som gjer jobben sjølv. I ei framtidig ordning må det sørkjast for at kommunane har nok kapasitet til slik oppfølging.

##### 4.2.1 Potensielt areal og effekt av innretning på kriteria

###### Planting av norske treslag

Rapport M23-2016 tok utgangspunkt i at også utanlandske treslag kan nyttast i plantetiltaket. Ved å endre plantemenyen til å gjelde berre norske treslag i pilotfasen, ekskluderte dette ein del potensielt areal langs kysten. Dette kjem av vindforhold og salt fra sjøsprøyte, som dei norske tresлага ikkje trivast med. Dette har ikkje kartanalysen tatt omsyn til, og arealet i både rapporten og kartanalysen er difor høgare enn det realistisk sett er.

For å beregne kor mykje potensielt areal som fell bort på grunn av innretninga på kriteria, er vi avhengig av metrologiske data. Eit anslag på 10% av det produktive skogarealet vil bety 140 000 dekar, men dette er ikkje kvalitetssikra.

###### Planting på opne areal og areal i tidleg attgroingsfase

Rogaland har eit høgt potensielt areal, men vi ser at mykje av det reelle arealet er i tidleg eller sein attgroingsfase. Kriteria avgrensar det potensielle arealet til hogstklasse II til ein glissen hogstklasse IV. I følgje landsskogstakseringen er det ca. 210 000 dekar med lauvdominert skog i hogstklasse IV i Rogaland. Landskogstakseringen fortel ikkje noko om tettleiken (A eller B), og vi såg difor på skogbruksplanar i fylket. Nettportalen Allma<sup>9</sup> viser at 90 000 dekar av bjørkeskog hamnar utanfor ordninga, då dette er definert som hogstklasse IV A.

Kriteriet om opent areal kombinert med høg bonitet vil gi ein vriding mot jordbruksareal i mange tilfelle som nemnt i punkt 3.3. Fokus på brakklagt jordbruksareal kan bidra å avdekke aktuelle areal, men det må då tydeleg rettleiing til for få avklart om desse kan nyttast til planting, då

<sup>9</sup> Allma – Planlegger for skogbruket. [www.allma.no](http://www.allma.no). 20.07.2018 kl 15.12.

praksis kan variera mellom kommunar. I Rogaland har vi ikkje fått noko døme på dette, men analyser på braklagt jordbruksareal viser at for dei fem pilotkommunane er det anslått nærmere 5 000 dekar med potensielt areal der det ikkje har vore søkt areal-, kulturlandskaps- og produksjonstilskot dei siste åra. Dette vitnar om eit stort potensiale om å setje areal i bruk.

#### **Planting på areal med høg produksjonsevne og der det er forventa låg negativ endring i albedoeffekt**

I pilotfasen er det krav om at areal som skal plantast skal tilsvare ein potensiell bonitet G17 eller høgare. Dette tilseier eit krav om produksjon på  $0,75 \text{ m}^3/\text{daa}/\text{år}$ <sup>10</sup> og høgare. Rogaland har generelt høge bonitetar, og dei fleste attgroingsareal er grodd til av dunbjørk (*Betula pubescens*). Ved treslagsskifte frå dunbjørk til gran, vil dette gi ein auking i middeltilvekst på 0,6-0,8  $\text{m}^3/\text{daa}/\text{år}$ <sup>11</sup>. Dette betyr at også låge lauvbonitetar ( $0,1-0,3 \text{ m}^3/\text{daa}/\text{år}$ ) kan plantast til med gran og kome innanfor kriteria. Med andre ord har kravet til produksjonsevne ikkje påverka det potensielle arealet i Rogaland. Endring i albedoeffekt har ikkje vore eit kriterium som har ført til lågare potensielt areal i Rogaland.

#### **Planting på areal som ikkje er viktige for naturmangfaldet (dvs. ikkje planting i bl.a. trua naturtypar, viktige naturtypar etter DN-handbok 13 og leveområde for raudlisteartar), friluftslivsinteresser, viktige kulturhistoriske verdiar eller verdifulle kulturlandskap.**

Rapport M26-2013 er anslått at 50 000 dekar kan plantast kvart år i 20 år med akseptable effektar for naturmangfald og andre miljøverdiar for heile landet. Her opnast det opp for å kunne vurdere planting i slike område, mens det i tilleggsriteria i pilotfasen er bestemt at slike område ikkje skal plantast.

Dette betyr at desse felta er automatisk ekskludert i denne ordninga, utan at det blir gjort ei avveging mellom næring- og miljøomsyn. Tilleggsriteriet fører då til at blant anna naturtypar med verdi C blir ekskludert frå pilotfasen, som elles kan vurderast planta i ordinært skogbruk. Dette vil då redusere det potensielle arealet frå det opphavlege som var berekna i rapport M26-2013.

Det er meir uklart om korleis dette skal bli handtert (jfr. 3.5.1.2) og kva slags areal som eventuelt går ut, dersom ein oppdagar einskilde raudlisteartar. Dette er ikkje avgrensa areal på same måte som registrerte naturtypar, og difor vanskelegere å definere med omsyn til areal. Konsekvensen av riteriet, der det ikkje skal bli planta i leveområde for raudlisteartar, kan være at areal blir ekskludert.

#### **4.2.2 Korleis kan ein best ivareta omsynet til klima, miljø og næring?**

Det er allereie utarbeidd lover og reglar for skogbruk (til dømes lov om skogbruk, forskrift om berekraftig skogbruk), jordbruk (jordlova) og korleis omsynet mellom bruk og vern skal ivaretakast (naturmangfaldlova §1). Dette bør danne grunnlaget for ei vidare ordning. Likevel finst det område for forbeting, som vi har erfart at har vore uklare i pilotfasen. Dette viser vi til i våre tilrådingar i punkt 4.3.

---

<sup>10</sup> Aamodt, P. m.fl. 2015. Skoghåndboka 2015. NORSKOG/Det norske Skogselskap. 294 s. ISBN: 978-82-90282-60-3.

<sup>11</sup> Rapport M26-2013 Planting av skog på nye areal som klimatiltak. Statens landbruksforvaltning, Miljødirektoratet og Norsk institutt for skog og landskap.

#### *4.3 Tiltråding og moglege tiltak for å lykkast med ein framtidig ordning*

Tiltrådinga under er basert på erfaringane som er gjort i den treårige pilotfasen «Planting av skog på nye arealer som klimatiltak».

##### *Val av treslag må i hovudsak baserast på best klimaeffekt – sjå punkt 3.3*

Ettersom pilotprosjektet først og fremst er eit klimatiltak, er det viktig å fokusere på treslag som kan oppnå størst mogleg klimaeffekt. For å gjere det er det viktig å satse på hovudtreslag som kan gi god produksjon og kvalitet. Dette vil sørge for at virket kan nyttast ved hogst og gi ein forlenga klimaeffekt ved å lagre karbon i tømmeret. Ved å ha ein utvida plantemeny kan ein moglegvis nå ut til fleire og få ein breiare aksept på plantetiltaket, men det er viktig å være klar over konsekvensane av dette også. Bruk av andre treslag kan derimot være viktig for å ivareta miljøomsyn.

##### *Ordninga må forenklast og samsvare betre med andre planteordningar – sjå punkt 3.5*

Ein framtidig ordning må forenklast, både i form av samordning av kriterium med andre tilskotsordningar og redusere tal dokument i saksgangen.

##### *Kapasitet og kompetanse hos kommunane må sikrast – sjå punkt 3.5*

Det er behov for auka kapasitet og kompetanse på kommunalt nivå både innan skog og miljø. Med kommunen som vedtaksmynde, er det viktig å styrke deira stillingar for å ivareta lovpålagte oppgåver, samt klimatiltak som planting. Kommunane har også ei plikt til å rettleie, og kan gi råd utan å ha økonomiske motiv.

##### *Kostnadsbevisstheit bør provoserast fram – sjå punkt 3.6.3.2*

Ordninga bør ha eit kostnadstak, for å provosere fram kostnadsbevisstheit og aktivitet blant grunneigarane. Det bør også vurderast om andre tilskotsordningar kan kombinerast for å utnytte meir av virket som blir rydda (bioenergi). Krav til areal bør samordnast med andre ordningar.

##### *Planting av skog i kommunale planverk bør synleggjerast– sjå punkt 4.1.1*

Planting av skog bør inn i kommunale planverk, og det bør på kommunalt og sentralt nivå gis føringar for korleis konfliktar med andre interesser skal handterast.

##### *Vurdering av miljøfunn bør adresserast - sjå punkt 3.1.2 og 4.2.1*


Pilotfasen sine kriterier medfører at noko areal blir automatisk ekskludert frå pilotordninga, utan ein avveging mellom nærings- og miljøomsyn. For einskilde artsobservasjonar kan dette medføra at areal blir ekskludert. Dette krev metodisk avklaring.

##### *Kartfesting og fokus på brakklagt jordbruksareal bør aukast – sjå punkt 4.2.1*

Kartfesting av brakkareal vil kunne auke fokus på driveplikt, og kan gagne både jordbruk og skogbruk. Her må det sikrast at lik praksis nyttast ved behandling av jordlovssakar ved ønskje om planting av skog.

##### *Kommunal rettleiar bør utarbeidast*

Det bør utarbeidast ein communal rettleiar for planting i samarbeid med kommunen, der ein inkluderer informasjon om relevante regionale miljøtema, saksgong og myndighet der ein prøver å unngå «stammespråk». Her bør det inkluderast ein rettleiar for relevante miljøtema, for å sikre at areal med viktige miljøverdiar ikkje blir planta. I tillegg kan rettleiaren innehalde informasjon om lovverk og planverk, samt retningslinjer for når endring av albedoefekt veg så tungt at areal ikkje bør plantast (sjå døme på rettleiarar i bilde 9).



Bilde 9: F.v. 1) Kommunal rettleiar utarbeida i tidligare klimaskogprosjekt i Rogaland, 2) rettleiar utarbeida i pilotfasen og 3) rettleiingshefte om tømmersal - retta mot grunneigarar. Utarbeida av Rogaland Skognæringsforum.

Vi viser også til delrapportar frå pilotår 1<sup>12</sup> og 2<sup>13</sup> for meir informasjon om dei ulike pilotåra.

<sup>12</sup> Anker-Rasch, I. m.fl. 2016. Rapport per 01.01.2016 og 01.09.2016. Fylkesmannen i Rogaland. Hhv 33 s og 21 s.

<sup>13</sup> Anker-Rasch, I. m.fl. 2017. Rapport per 01.09.2017. Fylkesmannen i Rogaland. 26 s.

## 5. Vedlegg

### **VEDLEGG – Punkt 2.1.3 Informasjon og gjennomførte aktivitetar\***

Tid	Aktivitet	Ansvar
<b>2015</b>		
Juni	Opent møte i Tysvær	
August	Prosjektleiar blei tilsett	
Oktober	Presenterte prosjektplan for Tysvær, Vindafjord og Bjerkreim	FMRO
November	Fagsamling for skog: Heldt innlegg om prosjektet	FMRO
	Dialogmøte: Heldt innlegg om prosjektet	FMRO
	Møte med fylkeskommunen angåande friluftsliv	
<b>2016</b>		
Januar	Feltdag med Tysvær	FMRO
	Feltdag med landbruksavdelinga	FMRO
	Presentasjon av kartanalyse i Bjerkreim	FMRO
	Informasjonsmøte med fylkesmann Kleppa, med Bjerkreim, Sokndal og Eigersund	FMRO
	Grunneigarmøte i Tysvær	FMRO
Februar	Grunneigarmøte i Tysvær, 20-30 stk	FMRO
	Informasjonsmøte med Natur og Ungdom	FMRO
	Informasjonsmøte med Naturvernforbundet	FMRO
	Grendemøte i Bjerkreim, ca. 15 deltagarar	Bjerkreim kommune
Mars	Deltok på årsmøte i skogeigarlag (Dalane, Jæren, Hjelmeland, Suldal, Sauda og Vindafjord)	Vestskog
	Møte med skogbrukssjef for 8 av Rogaland sine kommunar	FMRO
	Møte med skogbrukssjef i Strand kommune	FMRO
	Foredrag under Kvinner i Skogbruket-arrangement	Kvinner i Skogbruket
April	Statusmøte med arbeidsgruppa hos FMRO	FMRO
	Intervju med magasinet SKOG	SKOG
	Temaplanmøte med Bjerkreim	FMRO
	Møte med skogbruksansvarleg i Lund	FMRO
Mai	Samling med arbeidsgruppene i fylka	LDIR og MDIR
	Plantemarkering i Bjerkreim	FMRO
	Deltok i filminnspeling om skogbruk med 360 Geo Reportage	ARTE
Juni	Landbrukssamling med kommunane: Heldt foredrag om prosjektet	FMRO
	Møte med ordførar og kommunalt tilsette i Vindafjord	Vindafjord
	Feltdag i Lund kommune	FMRO
	Feltdag i Suldal og Sauda kommune	FMRO
Juli	Møte med skogbrukssjef i Bjerkreim kommune	FMRO
August	Arbeidsgruppemøte internt hos Fylkesmannen	FMRO

Tid	Aktivitet	Ansvar
	Synfaring med arbeidsgruppa i Vindafjord	Kommunen
	Heldt foredrag for ERASMUS-gruppe på studietur frå Skottland	ERASMUS
September	Heldt foredrag under samlinga «Arealbruk i ei grøn framtid» i Gjesdal	FMRO, Skogselskapet i Rogaland, kommunen
	Møte med Eigersund kommune om å delta som pilotkommune	FMRO/Kommunen
Oktober	Arrangerte statusmøte med organisasjonar	FMRO
	Møte med skogambassadør og skogbruksjef i Bjerkreim kommune	FMRO/Kommunen
	Planla og arrangerte skogdag med Eigersund og Bjerkreim kommune i Eigersund	Kommunen
	Naturmangfaldloven samling, prosjektmedarbeidar heldt foredrag	FMRO
	Møte med Strand kommune, samt synfaring	Kommunen
November	Foredrag under Kystsogkonferansen på Sola Strandhotell	Kystsogbruket
	Heldt foredrag under regionmøte for Vestskog i Eigersund	Vestskog
	Heldt foredrag under regionmøte for Vestskog i Suldal	Vestskog
	Hadde møte med arbeidsgruppa i Eigersund kommune	FMRO/Kommunen
	Foredrag og diskusjon under «Natur på torsdag» der WWF deltok	Naturvernforbundet
	Drog på synfaring i Vindafjord	Kommunen
Desember	Foredrag for Vinterlandbrukskolen i Ryfylke, Hjelmeland	Vinterlandbrukskolen
	Statusmøte med pilotkommunane	FMRO
	Møte med fylkeskommunen angåande kulturminner	FMRO
	Møte med arbeidsgruppa internt	FMRO
	<b>2017</b>	
Januar	Møte med skogambassadør i Eigersund	FMRO/Kommunen
	Intervju med lokalavisa Gjesdalbuen	Gjesdalbuen
	Foredrag på bondekafé i Bjerkreim med Bjerkreim Bondelag	Bjerkreim Bondelag
	Skrev artikkel for Bondevennen om etablering av skog	FMRO
	Skrev artikkel «Fylkesmannen informerer» om tilskotsordninga i Bondevennen	FMRO
	Utarbeida informasjonsbrev til grunneigarar om prosjektet	FMRO
	Sendte ut informasjon om frist for søknad for vårplanting 2017	FMRO
	Skrev artikkel på fylkesmannen.no om frist for søknader	FMRO
Februar	Fagsamling for skog: Heldt innlegg om status i prosjektet	FMRO
	Oppfølgingsmøte med skogambassadørar i Eigersund og Bjerkreim	FMRO
	Møte med FMRO arbeidsgruppe om søknader – status i ØKS	FMRO

Tid	Aktivitet	Ansvar
	Møte i Hjelmeland kommune med både kontaktperson og skogambassadør	FMRO/kommunen
Mars	Synfaring i Hjelmeland med skogambassadør og skogbruksjef	Kommunen
	Foredrag på landbrukskveld i Hjelmeland, ca. 80 deltagarar	Kommunen
	Heldt innlegg for toppleiersamling i Rogaland (Miljødirektoratet), ca. 12 deltagarar	FMRO
	Skogdag i Bjerkreim: ca. 10 deltagarar	Kommunen
	Skogdag i Vindafjord, i samarbeid med Tysvær: ca. 20 deltagarar	FMRO/kommunen/skogeigarlag
April	Møte med skogambassadør i Tysvær	Kommunen
Mai	Heldt foredrag under Kystskogkonferansen	Kystskogbruket
Juni	Planlegging av møte med pilotkommunar og skogambassadørar	FMRO
	Møte med pilotkommunar og skogambassadørar	FMRO
	Møte med referansegruppe – ble avlyst	FMRO
	Utsending av pressemeldingar til NRK Rogaland, Bondevennen samt lokalaviser	FMRO
	Samling i Bodø med prosjektet	FMNO
Juli	Ferieavvikling	
August	Arbeid med rapportering	FMRO
	Fylkesskogsamling	LDIR
	Synfaring i Tysvær	Kommunen
September	Møte med kommunar og næringsaktørar	FMRO
	Oppfølging av reviderte budsjett i kommunane	FMRO
Oktober	Styringsgruppemøte og dialogmøte med sentral prosjektleiing	MDIR og LDIR
November	Utarbeiding av økonomisk prognose samt søknad	FMRO
	Møte om plantemiddelsøknad med arbeidsgruppe hos FMRO	FMRO
Desember	Oppdaterte kartløysing	FMRO
	<b>2018</b>	
Januar	Koordinering av plantebestilling	FMRO/Kommunane
	Oppdatering av kartløysing	FMRO
	Arbeid med rapportmal for workshop	FMRO
Februar	Heldt foredrag under Klimakonferanse i Stavanger	FMRO
Mars	Workshop i Oslo	MDIR/LDIR
April	Oppstart av plantesesong	Kommunane
Mai	Rapportering	FMRO
Juni	Planlegging av avslutningsarrangement	FMRO
	Utbetaling av tilskot	FMRO
Juli	Ferieavvikling	
August	Sluttrapportering	FMRO
September	Avsluttande møte med sentral prosjektleiing	MDIR/LDIR

\*I tillegg kjem ordinære oppgåver som oppfølging av kommunar, utbetaling av tilskot m.m.

## VEDLEGG – Punkt 3.4 – Kontakt med grunneigarar

# Klimaskog inspirerer



Eit stykke fram til mæltsetjinga. Skogambassadør Sigmund Havn ynskjer fleire skogsgarar i Vindafjord med på laget.

**Venke Lothe er glad for at ho blei med i klimaskogprosjektet. Grunneigar i Ølen opplever tiltaket som meiningsfullt, verdiskapande og lærerikt.**

ARNE FRØKEDAL

Vindafjord er blant kommunane i Rogaland som er med i eit nasjonalt pilotprosjekt der målet er å planta granskog for å redusera utsleppa av klimagassen CO<sub>2</sub> gjennom treslagskifte. Etter ein trå start er et 20-tals grunneigarar i alle bygdene, med unntak av Bjøra, Imsland og Sandeid, nå blitt med.

— Eg blei interessert då eg ved brev blei invitert til å bli med prosjektet og meldte meg på. For meg handlar dette om å delta i noko som er positivt for miljøet, og samstundes ta vare på skogressursen og skapa verdiar for framtidia.

Når eg i tillegg også får læra mykje om skogbruk som eg visste svært lite om før før, blir dette i sum svært bra, seler Venke Lothe.

### Høgt mål

Til dagleg er ho lærar i Vats, men som grunneigar i Ølen har ho ein god del utmark med skog og kratt som ikkje har blitt utnytta. På ein vát og vindfull dag tar ho oss med opp ein gammal skogsveg til eit område ved gamle Huksdalsveg der det alt er gjennomført ein del skoghogst, og der gammalt kratt og lauvskog etter kvart skal skiftast ut med karbonfangande gran.

Med på turen er også Sigmund Havn, skogambassadør for prosjektet i Vindafjord og Tysvær, og pædrivar for å komma i gang. Han innremmer at det har vore

handlar om å delta i noko som er positivt for miljøet, og samstundes ta vare på skogressursen og skapa verdiar for framtidia

VENKE LOTHE, SKOGEGIGAR

utfordrande å få realisert det gode klimatiltaket. Men nå er førebuingane komne så langt, at det er klart for feltarbeld med rydding og planting til våren.

— Vindafjord har sett mål av seg å planta til tusen dekar. For å greia det trengst meir statlege pengar, men me er på god veg sjølv om det blir vanskeleg å greia målet. Per 1 dag har me fått tilsegn fra grunneigarar på vel 750 dekar og tildelede løvvirkingar for å planta på ca. 150 dekar, seler Havn.

### Treng meir midlar

Rogaland er, saman med Nordland og Nord-Trøndelag, plottfylke i det treårige prosjektet Planting for klima, som er eit resultat av klimaforliket på Stortinget i 2012. Før jul 2018 skal prosjektet rapporterast inn til departementet som etter dette vil ta stilling til om det skal justeras opp til eit nasjonalt nivå. Ær rekje offentlege etatar og private interessegrupper er involvert i arbeidet som som blir styrta av det statlege fylkesmannsembetet.

Prosjektet i Rogaland, Ingeborg Anker-Rasch opplyser til Granna at det i løpet av våren 2017 er planta over tusen dekar med skog i fylket. Arealet er valt ut ved at grunneigar enten har meldt seg eller at kommunen har foreslått arealet gjennom prosjektarbeidet.

— Me er innan i siste prosjektår og har som mål å planta til 2.000 dekar komande vår. Det er alt mange som har meldt si interesse, og midtlanne blir høgst sannsynleg brukt opp, seler Anker-Rasch og siktar til det 15 millionane som fylgde med frå staten.

Prosjektetaren fortel at første del av fasen har gitt dei mykje erfaring, men også avdekkja



Nytig og lærerikt. Venke Lothe er blant fire grunneigarar i Ølen som er blitt med i prosjektet Planting for klima.

område som har vore utfordrande.

— Som et «ung» skofylke er det mange i Rogaland som ikkje har eit forhold til kva skogen kan bidra med. Det er difor viktig å gi god informasjon om prosjektet, men også om det generelle skogbruket, seler ho.

### Plass til fleire

Venke Lothe er i denne kategorien, og for ho har kunnskapen som prosjektet har gitt, vore ei aha-opplevning.

— Ein fagdag på Tveit 1

Nedstrand som eg nyleg deltok på, var svært nytig. Blant anna

om økonomien og potensalet som ligg i skogen, men også generelt om skogbruksnæringa som eg kunne lite om. Blant anna fekk me læra og sjå kva grep grunneigaren må gjera for at veksten for grana som blir planta skal bli optimal, seler ho.

Skogambassadør Havn er glad for at Venke Lothe og så mange andre grunneigarar i Vindafjord vil delta i det viktige klimaprosjektet der det har godtatt å binda arealet i 75 år. Størst respons har dei fått i Ølen, samst av ei gruppeperiing i Vakadalen. Prosjektet finansierer både rydding og planting, og det er ikkje for sein å bli med.

— Interessa har vore god og eg opplever det fleste grunneigarane som positive. Mange synest dette er eit grett klimaprosjekt, men ser også på det som eit ressursstiltak for å auka produksjonen i skogen. Og det er framleis plass til fleire, så det er berre å ta kontakt, seler skogambassadoren.


# Blir Rogaland klimaskogfylket?

**OM VI LIKAR** å definera Rogaland som Matfylket, kan vi ikkje i like stor grad hevda at kystfylket Rogaland er særleg omfattande når det gjeld skog. Berre to prosent av samla skogareal her i landet er å finna i Rogaland. Men potensialet i høve til jordsmøn og klimatiske tilhøve synar ei stor oppside. – Produksjonsevna for skog i Rogaland er dobbel i høve til snittet i resten av landet, sa Fylkesmannen i Rogaland, Magnhild Meltevit Kleppa, då ho innleia på seminarret *Arealbruk i ei grøn framtid*, i Gjesdal tidlegare i haust.

I førre nummer av Bondevennen kunne du lesa om Klimaskogprosjektet og styresmaktene sin strategi for å motivera grunneigarar i Rogaland til å plante skog på areal som ligg brakk, og som er i ferd med å gro att. Førebels er det sett av 15 millionar kroner som tilskotsmidlar i eit treårig pilotprosjekt, der målet er å gjera avtalar om planting av 3000 dekar skog. Dei som vil planta får utgiftene dekt av Staten, som ikkje gjer krav på å få pengane att når skogen blir hausta etter 70-100 år. Tinglysing skal sikra at klimaskogen får stå fram til han er hogstmogen.

Det er ikkje vanskeleg å finna skeptiske røyster med gode argument. Beiteentusiasten Magnus Søyland frå Gjesdal meiner at Rogaland heller bør bruka meir tid og pengar på å rydda beiteland, bygga gardsvegar, utnytta den rike tilgangen på husdyrgjødsla og henta nitrogenet frå lufta med å så kløver i beita. Skogen bør stellast og utviklast i dei delande av landet der det er skog frå før, meiner han, og held fram at røffare klima og fleire orkanar vil gjeva nyplanta skog i Rogaland om til pinneved. Han syner også til därlege prisar på trevirke og lita lønsemid med skog i høve til beite.

**STERKE MEININGAR** er flott. Slik får vi opp temperaturen i debatten om tiltak å møte den globale oppvarminga med. Vi kan lika det eller ikkje, men klimaendringane blir eit stadig viktigare tema, også for oss som står planta rundt om på våre lokale flek-



ker med matjord her på Vestlandet. Tiltak er naudsynt også her, sjølv om tiltaka kan virka symbolske, med liten effekt i det store biletet.

Forskarane i FN sitt klimapanel meiner at grensa for kva verda kan tolka av global temperaturstiging, før klimaendringane kjem ut av kontroll, er maks to grader innan år 2100 i høve til referanseåret 1850. På klimatoppmøtet i Paris vart landa samde om å arbeide for å avgrensa temperaturstigingane til 1,5 grader.

Norge er plikta til å bidra med å redusera utsleppet av klimagassar. Mindre CO<sub>2</sub> i atmosfæren fører til mindre global oppvarming. I tillegg til dramatiske reduserte utslepp av klimagassar, blir karbonfangst og karbonlagring ein del av løysinga framover. Her er skogen avgjerande viktig.

**DET HJELPER IKKJE** med internasjonale avtalar i Kyoto og Paris, eller med klimaforlikavtalen i Stortinget om ikkje dei ambisiøse måla blir fulgt opp. Planting av produktiv skog på nye areal, eller å erstatta viltvaksande attgrodde areal med gode CO<sub>2</sub>-bin-

dande treslag er gode miljø- og klima tiltak der fotosyntesen bidreg til å rydda opp etter oss.

Så kan vi gjerne slå fast at sjølv om kvar einaste kvadratmeter med areal i Rogaland hadde blitt planta med Norsk Gran, ville klimaeffekten vore ein dråpe i havet, eller ein kvist i skogen, i høve til det som trengst. Ein illustrasjon kan vera å hevda at det globalt er behov for ein milliard hektar med skogplanting. Den norske delen, der ein reknar at vi står for ein promille av verdas utslepp av klimagassar, tilsvarar 10 millionar dekar med skog.

Tala og utfordringane er gigantiske. Det handlar ikkje om økonomi, men om våre barnebarn si framtid. Vi heier på klimaskogprosjektet i Rogaland.

Mat- og beitefylket Rogaland toller godt planting av 3000 dekar med klimaskog.



Sjur Håland  
sjur@bondevennen.no

**leiari: landbruk, politikk og samfunn**

# MENINGER

**Leserinnlegg:** Har du noe på hjertet? Send oss innlegget ditt på e-post, til debatt@dalane-tidende.no. Skriv kort! Maksimalde hovedinnlegg: 2500 tegn inkl. mellomrom, vanlige innlegg maks 1500 tegn inkl. mellomrom.

**Kronikk:** Ønsker du å si litt mer om et tema? Send oss gjerne kronikkforslag på e-post, til debatt@dalane-tidende.no. Maksimalde: 5500 tegn inkl. mellomrom. Husk å legge ved et portrettbilde av deg selv.

Dalane Tidende forbeholder seg retten til å redigere og forkorte tilsendte innlegg og kronikker. Innlegg redigeres etter Vær Varsom-plakatens regler om saklighet og anständighet. Alle innlegg kan bli publisert i våre ulike mediekanaler.

## KLIMASKOG AV GRAN

# Beste løsning samlet sett?

Under arbeid med å løse et miljøproblem bør en så langt råd er spørke å unngå tiltak som skaper eller forverrer andre.

Planteskog av gran reduserer biologisk mangfold og bidrar til forsuring av jordsmonn og vassdrag. Gran vokser fort i kystklima og gir i hovedsak løst trevirke av middelmådig kvalitet ("slipnømmer") med dårlig pris i markeder.

Lauvskog med innblanding av varmekjære arter bevarer i stor grad biologisk mangfold og bidrar til et bedre jordsmonn. Varmekjære treslag som eik og ask kan med god skjøtsel gi trevirke av høy kvalitet, med mange bruksområder og sannsynligvis gode priser i markeder.

Rogaland er valgt ut som pilotfylke for satting på planting av klimaskog. Prosjekter er nylig igangsatt i Bjerkreim og Tysvær. Det satses i hovedsak på planting av gran i forsøk på å dempe klimautfordringene, fordi gran binder mer CO<sub>2</sub> enn lauvtrær.

Skogplanting er et godt klimatiltak, men for økologer virker granplanting i kystklimaet i Rogaland som en beslutning tatt uten å legge vekt på bivirkningene.

### Hva skjer etter hvert?

Plantene som nå settes i jorda, skal bli stående som skog henimot sytti til hundre år. Alle som har gått i en planter, tett granskog, har sett hvordan et teppe av brune barnåler sterkt reduserer alt liv på bakken. Ikke uten grunn har slike planteskoger ofte blitt kalt "granørken".

Mindre synlig, men minst like viktig, er det som skjer når barnålene brytes ned og råtnet. Da

dannes det et surt jordsmonn som reduserer mangfoldet av mikroliv i jorda og dessuten gir sur avrenning til vassdrag. Store deler av Rogaland var tidligere sterkt skadet av sur nedbør. Avrenning av surt vann fra granskogsfelt kan i noen tilfelle føre til at sårbarer vassdrag på ny får en utvikling som skader fisk og andre organismer.

### Hvilke alternativer bør vurderes?

Ved valg av treslag i klimaskog i Rogaland bør der legges vekt på hvilke treslag som hører naturlig hjemme i vårt milde kystklima, og hvilken påvirkning de har på øvrig plante- og dyreliv.

Gode alternativ til gran er da varmekjære lauvtrær som eik og ask på lune voksesteder, grønne og svartor i fuktige områder, og bjørk og osp ellers. Ingen av disse kan konkurrere med gran når det gjelder lagring av CO<sub>2</sub> i trestatmen, men de har så mange andre positive miljøegenskaper at de ut fra helhetsvurderinger likevel kan være å foretrekke på mange lokaliteter.

Skog av lauvtrær slipper oftest mer lys ned gjennom trekronene slik at et større mangfold av lyng, moser, lav og blomsterplanter trives på skogbunnen. I slike miljø trives også et større mangfold av insekter og andre smådyr, samt fugler og andre større dyr.

Sammenliknet med barnåler gir bladverket fra lauvtrær vesentlig bedre (mindre surt) jordsmonn når det råtnet, og det humuslaget som lauvt og øvrig markvegetasjon danner over tid er også meget viktig for langtidslagring av CO<sub>2</sub>.

### Hva skjer når skogen er hogstmoden?

Ingen trær lever evig. Når skogen er hogstmoden, er alternativene enten å ta ut trevirket ved hogst, eller å la trærne stå og etter hvert dø og råtnne på stedet. Høyst sannsynlig blir klimaskogen som nå plantes, hogget på et eller annet tidspunkt. Hvilket "produkt" en da vil ha, avhenger av valget av treslag som gjøres nå.

Dersom gran er valgt, vil en i hovedsak ha et trevirke som er hurtigokst, løst i veden og av moderat til dårlig kvalitet for bygningsformål. Den meste må trolig selges til lave priser som "slipkvalitet", det vil si råstoff for papirproduksjon eller lignende.

Varmekjære arter som eik og ask kan produsere trevirke av høy kvalitet til mange formål, og kan trolig selges til meget god pris. Ved formuftig valg av frømateriale vil det også være mulig å produsere bjørk og osp av høy kvalitet på mange lokaliteter. Økonomisk kan valg av rett lauvtre på rett lokalitet derfor gjerne gi et akseptabelt resultat sammenlignet med gran.

I mange fylker i landet er det trolig riktig å satse på gran som hovedtreslag, på grunn av klimaet. Men i mildt kystklima, som i Rogaland, kan det sannsynligvis gjøres bedre ved bruk av andre treslag dersom helhetsvurderinger av bivirkninger, konsekvenser og sluttresultat legges til grunn.

**VIDAR AUSEN**, Egersund

## **VEDLEGG - 3.5.1 Vurdering av innmeldt areal**

### **Saksgang i pilotprosjekt «Planting av skog på nye arealer som et klimatiltak»**

Formålet med dette dokumentet er å gi ei god oversikt over saksgangen i pilotprosjektet, med ei oversikt over dokument og kartinformasjon. For tilgang til lenkar i dokumentet: Trykk CTRL + klikk på teksten som er understrekka. Du vil då få opp dokumenta/nettsidene som det vises til.

Vi minner om kommunen sitt ansvar for å journalføre alle inngående og utgående dokument som er gjenstand for saksbehandling og har verdi som dokumentasjon, jfr. Offentleglova §2-6.

#### **1. Innmelding av areal**

Innmelding av areal kan skje på følgande måtar:

- Grunneigar melder inn felt ved å sende inn skjemaet [LDIR-922\\_B](#) med kart til sin kommune
- Grunneigar kontaktar kommunen for uformell vurdering av felt før søknad
- Kommunen registrerer felt på eige initiativ
- Fylkesmannen melder inn aktuelle felt til kommunen

Desse metodane ønsker vi at kommunen registrerer inn i et excel-skjema, der følgande opplysningar blir lagt inn:

Gnr	Bnr	Grunneigar	Kontaktform	Tlf	E-post	Areal	Beskriving av eigedom	Interesse (Ja/Nei)	Årsak til interesse
-----	-----	------------	-------------	-----	--------	-------	-----------------------	-----------------------	------------------------

Som oftast vil grunneigar kontakte kommunen for å få innspel på om arealet har rett på tilskot før dei formelt søker. Ved slike tilfelle ønsker ein at kommunen uansett registrerer feltet i excel-skjemaet, og deretter gjer ei vurdering av feltet som ein del av rettleiingsplikta (sjå punkt 4).

Denne registreringa i excel-skjemaet vil gi ei oversikt over potensielt areal samt interesse for tiltaket i dei ulike kommunane.

#### **2. Søknad om tilskot**

Grunneigarar søker om tilskot via skjema [LDIR-922\\_B](#). Grunneigar fyller ut skjema og teiknar inn arealet på eigna kart, der kvart felt er merka med nummer. Dette skal sendast til kommunen.

#### **3. Registrering av søknad i ØKS**

Kommunen registrerer omsøkt areal og behandler søknaden i [Økonomisystem for skogordningene \(ØKS\)](#). Det er lags ein eigen instruksjonsvideo for denne løysninga som ein kan sjå på følgande link: <http://guidecloud.se/landbruksdirektoratet/202.guide>.

Kommunens oppgåver i ØKS

- Registrere omsøkt areal og trykke «send inn søknad»
- Vurdere omsøkt areal samt kostnader (sjå punkt 4)
- Eventuelt justere kostnader og godkjent areal, samt beskrive vilkår. Så trykke «godkjent»
- Løyve tilskot og sette arbeidsfrist **1.juni 2018**
- Registrere førespurnadar, vurdere desse i henhold til gitt vedtak og eventuelt godkjenne

#### **4. Vurdering av felt**

Kommunen er saksbehandlar i pilotprosjektet, og skal gjere ei sjølvstendig vurdering av aktuelle felt ut frå [skjema for vurdering av miljø- og tilleggskriterier](#). Ved hjelp av Fylkesmannen si kartløysing [Temakart Rogaland – Klimaskog](#), kan dette skjemaet fyllast ut. I kartløysinga finn ein ei rekke kartlag

som gir informasjon om viktig miljøomsyn, i tillegg til informasjon om eksisterande vegnett og terrenge. Det blir utarbeidd også ei rettleiar for vurdering av behov for tilleggskartlegging.

Ut frå ei samla vurdering, avgjer kommunen om heile eller deler av feltet egner seg for planting av klimaskog. Skjemaet for vurdering av miljø- og tilleggskriterier lastar ein opp i ØKS.

## 5. Vedtak om innmeldt areal

Kommunen er vedtaksmynne, og sender sitt vedtak om godkjenning ([BOKMÅL/NYNORSK](#)) eller avslag ([BOKMÅL/NYNORSK](#)) gjennom vedtaksbrev. Eventuelle vilkår ved vedtaket skal inkluderast også her. Dette kan eksempelvis være at planter som blir bestilt og skal være av proveniensen Walsrode Relikt-Oberharz, M60, toårige planter, og frå planteskoler det er inngått produksjonsavtale med. Her kan malar utsendt frå direktorat nyttast.

Vedtaksbrev blir lasta opp i ØKS.

## 6. Avtaleinngåing

For å ivareta grunneigar- og kommunen sine rettigheter og forpliktingar, blir det inngått ein avtale mellom desse partane ved ein godkjent søknad om tilskot til planting. Avtalen finn du [her](#). Denne avtalen sender kommunen til grunneigar ved utsending av vedtak om godkjent søknad. Grunneigar signerer.

Når avtale er signert av begge partar, kan dokumentet lastas opp i ØKS, og tiltaket kan settast i verk.

## 7. Førespurnad om utbetaling av tilskot

Etter utført tiltak, søker grunneigar kommunen om utbetaling av viste utgifter gjennom skjema [LDIR-923\\_B](#). Dette kan gjerast elektronisk eller på papirversjon og sendes til kommunen. Som i andre tilskotsordningar skal viste utgifter dokumenterast. Kommunen vurderer om førespurnad er slik det er gitt i vedtaket, og legger inn førespurnad om utbetaling i ØKS samt laster opp PDF. Ved avgjerd om utbetaling skal kommunen tinglyse arealet.

Sjølve utbetalinga av tilskot gjeres av Fylkesmannen.

## 8. Tinglysing

For å sikre framtidig rettsvern, skal avtalen mellom grunneigar og kommune bli tinglyst etter at tiltak er utført. Dersom omsøkt areal ikkje samsvarer med faktisk planteareal, skal avtalen reviderast og grunneigar motta ny kopi før tinglysing. Dette for å sørge for at rett areal blir tinglyst. For å tinglyse, kan det gjerast på to måtar:

*Alternativ 1:* Nutte tinglysingsskjemaet til Kartverket = Tinglysing av avgjerala om hogst

Kommunen [sender erklæring om rettighet i fast eiendom](#) til Kartverket, og [standardtekst](#) utsendt av direktorat kan nyttast. Vedlegg til tinglysingsskjema er ei stadfesting av tinglyst areal på kart. Tinglysingsskjemaet skal lastast inn som PDF i ØKS.

*Alternativ 2:* Tinglyse avtalen = Meir enn avgjerala om hogst skal tinglysast (plantetal, treslag etc.)

Det er ikkje eit krav å bruke Kartverkets skjema, men i staden sende inn avtalen med eit følgebrev frå kommunen. Dette medfører derimot at heile avtalen blir tinglyst, ikkje berre avgjerala om hogst. Personnummer til grunneigar blir då lagt inn i merknadsfeltet i avtalen, og kommunen skriv eit følgebrev. Kartutsnitt med tilplanta areal skal ligge ved avtalen og sendast til Kartverket.

Kommunen vel sjølv kva alternativ dei vil nytte seg av.

## VEDLEGG – 4.1.1 Barrierar/utfordingar

Oversikt over dei ulike aktuelle planane i kommunane. **Grøn farge** = framhevar planting av skog, **oransje farge** = har ingen eller lite informasjon, **rød farge** = ønskjer ikkje satsing på skog

Kommune	Energi- og klimaplan	Landbruksplan	Kommuneplan
Eigersund	"I Dalane bør det utarbeides en felles plan for etablering av klimaskoger"	«..få opp verdifull skog før bjørkekrattet tar over»	Auke skogplantinga
Sandnes	"Potensialet for karbonbinding i skog og uttak av biobrensel vurderes innen 2014"	«Økt verdiskaping i skogen»	Nemner ikkje skog
Stavanger	Nemner ikkje skog	Ingen eigen plan	Nemner ikkje skog
Lund	"I Dalane bør det utarbeides en felles plan for etablering av klimaskoger"	«aktivt og rasjonelt skogbruk med vekt på etablering av kulturskog»	Nemner ikkje skog
Finnøy	Har ingen plan	Ingen eigen plan	Nemner ikkje skog
Karmøy	Utarbeide temaplan for skogbruket innan 2013, for å optimalisere skogen si produksjon og maksimere opptaket av CO2	Ingen eigen plan	Nemner ikkje skog
Haugesund	"Gjengroingsarealer bør enten tilbakeføres eller skjøttes som skog"	Ingen eigen plan	Nemner ikkje skog
Sola	Nemner ikkje skog	Ingen eigen plan	Nemner ikkje skog
Sokndal	"Ønsker i utgangspunktet ikke mer skogplanting i kommunen enn det er i dag"	Ingen eigen plan	Nemner ikkje skog
Bjerkreim	Nemner planting som tiltak	«Stimulere til økt planteaktivitet»	Auke planting
Hå	Nemner ikkje skog	Ingen eigen plan	Nemner ikkje skog
Klepp	Nemner ikkje skog	«stimulere til aktiv og god pleie av skogarealet som har ein samfunnsmessig eller miljømessig verdi»	Nemner ikkje skog
Time	..stimulere til å plante mer skog på egnede arealer der redusert utmarksbeiting gjør det aktuelt"	«Det er ikkje grunnlag for særleg auke av skogarealet i Time.»	Nemner ikkje skog
Gjesdal	"Arbeide aktivt for etablering av fleire plantefelt til skog"	«.. aktivt arbeide for etablering av	Nemner ikkje skog

Kommune	Energi- og klimaplan	Landbruksplan	Kommuneplan
		fleire plantefelt til skog og juletre.»	
Randaberg	Nemner ikkje skog	Nemner ikkje skog	Nemner ikkje skog
Forsand	Ikkje tilgjengelig	Ingen eigen plan	Nemner ikkje skog
Strand	Stimulere til å plante meir skog på egna areal der redusert utmarksbeiting gjør det aktuelt	Ikkje tilgjengelig	Nemner skog, men berre verneområder
Hjelmeland	Nemner ikkje skog	Ingen eigen plan	Ivareta produktive landsbruksareal
Suldal	God skogskjøtsel for å øke CO2-binding	Ingen eigen plan	«Syta for at viktige jord- og skogbruksområde (...) ikkje vert nedbygde (...).»
Utsira	Nemner ikkje skog	Ingen eigen plan	Nemner ikkje skog
Sauda	"Planting av gran - som er et fremmedelement i naturen på Vestlandet - er et problem i forhold til biologisk mangfold"	Ingen eigen plan	Nemner ikkje skog
Rennesøy	Nemner ikkje skog	Nemner ikkje skog	Nemner ikkje skog
Kvitsøy	Nemner ikkje skog	Ingen eigen plan	Nemner ikkje skog
Bokn	Nemner ikkje skog	Ikkje tilgjengeleg	Nemner landbruksveger
Tysvær	Binde meir CO2 i skogen	Ingen eigen plan	Ikkje tilgjengelig
Vindafjord	Auke CO2-binding ved god skogskjøtsel og meir planting, treslagsskifte og bruk av trevirke i byggekonstruksjonar	Auke verdiskaping og CO2-binding i Vindafjordskogen	Sikre at viktige jord- og skogbruksområde ikkje vert nedbygde